

Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000
i
Møre og Romsdal



HØRINGS
UTKAST
1996



Bilde:
Olaf Storo: Nye vegar, nye mål



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Miljøvernavdelinga

Fylkeshuset, 6400 Molde

	Rapport nr: 2/96
	Tilgjenge Open
Tittel Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal. Høyringsutkast 1996.	Dato: Mars 1996
Forfattar: Ingun Raastad	Sidetal: 51
Samandrag: Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal viser kva satsingsområde Fylkesmannen si Miljøvernavdeling (FMVA) vil prioritere innan fagfeltet friluftsliv i perioden 1996 - 1999. Friluftsliv omfattar <i>opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøendring og naturoppleving</i> (St. meld. 40 1986/87) Styresmaktene si målsetting for friluftslivsarbeidet er: <ul style="list-style-type: none">• Friluftsliv for alle• Friluftsliv i kvardagen• Naturvennleg friluftsliv FMVA vil prioritere arbeid innan tre hovudfelt: 1. Stimulering, motivering og informasjonstiltak: Born og unge er ei prioritert målgruppe. Friluftslivsorganisasjonane er hovudsamarbeidspartnarane. Natur, miljø og friluftslivsrettleiing er viktige verkemiddel. 2. Arealforvalting, planlegging og tilrettelegging Sikring av areal til friluftsliv for allmenta er ei viktig målsetting. Dette gjeld både store samanhengande område av regional eller nasjonal verdi og område av lokal verdi, som nærfriluftslivsområde. Planmessig sikring, kjøp eller langvarig leige (scvitutt) er viktige verkemiddel. Naturvennleg tilrettelegging er ei målsetting, og sonering av tiltak i forskjellige arealtypar og brukssonar er eit viktig verkemiddel. 3. Friluftsliv i kommunal verksemd og på fylkesnivå. Styrking av den kommunale plan- og handlingskompetansen for friluftsliv er ei viktig målsetting. Auka vekt på informasjon og fagleg rettleiing m.a. i samband med kommunane sin "kommunedelplan for idrett og friluftsliv" er verkemiddel her. Styrking av friluftslivsfagleg kapasitet på regionalt nivå er naudsynt. Dette vil skje m.a. gjennom auka samarbeid mellom fylkesmannen og fylkeskommunen. Ein Fylkesdelplan for idrett og friluftsliv 1996-99 er under utarbeiding og denne vil bli særskild viktig for friluftslivets stilling mot år 2000 i Møre og Romsdal. Denne Handlingsplanen for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal er sendt på høyring saman med Fylkesdelplan for idrett og friluftsliv 1996-99 med uttalefrist 15.5.96..	
Emneord: Friluftsliv, planlegging, arealforvalting	ISBN 82 - 7430 - 089 - 0 ISSN 0801 - 9363
Fagansvarleg: Trond Haukebo 	For administrasjonen: Per F. Brun 

Beredskapsavdelinga
Telefon 71 25 84 86
Telefaks 71 25 85 18

Kommunal- og
samordningsavdelinga
Telefon 71 25 84 43
Telefaks 71 25 85 10

Landbruksavdelinga
Telefon 71 25 81 59
Telefaks 71 25 81 57

Miljøvernavdelinga
Telefon 71 25 84 75
Telefaks 71 25 85 09

Sosial- og familieavdelinga
Telefon 71 25 84 52
Telefaks 71 25 84 61

Innholdsliste

1.	Bakgrunn og formål	1
1.1.	Bakgrunn	1
1.2.	Kvifor friluftsliv?	1
1.3.	Organisering av arbeidet med Handlingsplanen	2
1.4.	Mål	3
1.5.	Friluftsliv - kva meiner vi med det?	5
2.	Friluftsliv - kort status	8
2.1.	Friluftsliv - ei samfunnsak	8
2.2.	Arealgrunnlaget for friluftsliv	10
2.3.	Negative sider av friluftslivet	15
2.4.	Friluftsliv i Møre og Romsdal	17
3.	Aktørar, rollefordeling, verkemiddel i friluftslivet	20
3.1.	Staten -fylkesmannen si miljøvernavdeling	20
3.2.	Fylkeskommunen	22
3.3.	Kommunane	22
3.4.	Frivillige organisasjonar	24
3.5.	Friluftsråd	27
3.6.	Grunneigarar	27
3.7.	Tilbod om opplæring i friluftsliv	29
3.7.	Lovgrunnlag og informasjon	30
4.	Oppsummerende kommentar	31

5.	Handlingsplan med mål og tiltak	32	
5.1.	Informasjon, stimulering og motivering for friluftsliv	32	
5.1.1.	Barn	32	
5.1.2.	Ungdom		34
5.1.3.	Miljøundervisning	36	
5.1.4.	Natur og friluftslivsrettlegg	38	
5.1.5.	Samarbeid med friluftslivsorganisasjonar og friluftsråd		40
5.1.6.	Fiske	41	
5.1.7.	Jakt	42	
5.1.8.	Informasjon	43	
5.2.	Arealforvaltning, planlegging, tilrettelegging for friluftsliv	44	
5.2.1	Sikring av areal for friuftsliv	44	
5.2.2	Grøn plan	45	
5.2.3	Nærfriluftsliv	46	
5.2.4	Kystfriluftsliv	47	
5.2.5	Fjellfriluftsliv og urørte område	48	
5.2.7	Naturvennleg tilrettelegging for friluftsliv	49	
5.3.	Friluftsliv i kommunal verksemd og på fylkesnivå	50	
5.3.1	Samordning på fylkesnivå	50	
5.3.2	Friluftsliv i kommunane	51	
6.	Vedlegg	52	

friluftsliv mot år 2000.

1. Bakgrunn og formål

1.1. Bakgrunn

Nasjonale mål og fylkesvise handlingsplanar

Direktoratet for naturforvaltning og Miljøvernavdelinga peika i 1993 / 94 ut friluftsliv som eit av dei høgast prioriterte arbeidsområda for den statlege miljøvernforvaltninga. På bakgrunn av dette vart fylkesvise handlingsplanar for friluftsliv mot år 2000 eitt av dei viktigaste enkelttiltaka som skulle gjennomførast.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har og hatt eit ønskje om å prioritere arbeidet for friluftsliv i fylket i perioden 1995 -1999. Med bakgrunn i desse forholda har Miljøvernavdelinga no utarbeidd "Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal". Denne handlingsplanen skal vere ein strategiplan for arbeidet vårt med friluftsliv i fylket i perioden 1995 -1999.

Det første "Handlingsprogram for naturvern og friluftsliv" i fylket vart utarbeidd i 1976. "Handlingsprogram for friluftsliv av 1981" var ei vidareføring av dette arbeidet.

Det var ei omfattande registrering av naturvern og friluftslivsområde på databasane Edna (naturvern) og Frida (Friluftsliv) som danna grunnlaget for revisjonen av handlingsprogrammet i 1989. I 1990/91 vart det utarbeidd eit høyringsutkast til nytt handlingsprogram for friluftsliv, men dette arbeidet vart ikkje avslutta. Innsatsen for friluftslivet vart i denne perioden konsentrert om korleis ein best kunne nytte miljøsystelsettingsmiddel som kom første gong i 1991/92.

I 1991 kom Direktoratet for naturforvaltning med ein nasjonal "Handlingsplan for

Arbeidet med ein "Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000" i alle fylke vart starta opp i 1993. Den nye handlingsplanen er laga etter mal frå den nasjonale handlingsplanen frå 1991 og dei forslag til arbeidsformer og innhald som er lagt fram i samband med det fylkesvise handlingsplanarbeidet.

"Handlingsplanen for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal" avløyser Miljøvernavdelinga sine tidlegare handlingsprogram for friluftsliv.

Møre og Romsdal Fylkeskommune ved Kulturavdelinga har i 1994-95 starta opp arbeidet med ein "Fylkesdelplan for idrett og friluftsliv 1996-99". Fylkesmannen sin "Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal" er nytta som innspel til fylkesdelplanprosessen. Ein vil vidare arbeide for best mulig koordinering av friluftslivstiltaka på fylkesnivå.

1.2. Kvifor friluftsliv?

Dei politiske måla i Stortingsmelding 40 om friluftsliv er kort oppsummert slik:

Friluftsliv for alle

Friluftsliv i kvardagen

Naturvennleg friluftsliv

I samfunnet vårt er det meir og meir viktig å kunne legitimere og verdsette dei aktivitetane som vi driv - for å kunne forsvare dei i ein samfunnsøkonomisk samanheng. Men friluftsliv har og ein eigenverdi som aldri kan målast i kroner og øre¹ - like lite som verdien av naturen kan verdsetjast i kroner og øre.

Friluftsliv kan grunngjevast som verdfull aktivitet på fleire måtar:

¹Ein ser her bort i frå dei verdiar som friluftslivsutøvarar hauster i form av kjøtt, fisk og sopp-bær.

"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal"

1. Friluftsliv er sunt Det gir trivsel og god helse og aukar dermed livskvaliteten . Fysisk aktivitet og frisk luft i form av friluftsliv styrker hjartekrinsløpet og muskulaturen, og dette kan nyttast både i forebyggjande helsearbeid og rehabilitering.²

2. Friluftsliv gir verdjar frå naturalia som til dømes utbyttet frå jakt, fiske og andre haustigngaktivitetar.

3. Friluftsliv gir næringsøkonomiske verdjar som produksjon og salg av utstyr, reiser, opphald, jakt og fiskekort.

4. Friluftsliv er eit uttrykk for norsk kultur - der kontakt med naturen er viktig. Sosialantropologar legg vekt på den norske tradisjonen med "å gå på tur" og nærleik til naturen som ein grunnleggjande verdi.³

5. Friluftsliv gir rike opplevingar av natur og mennesket i naturen. Friluftslivopplevingar av kulturlandskapet er og eit viktig element. Friluftsliv kan for mange ha en kontemplativ dimensjon. Friluftsliv er ein rekreasjonsform som gir overskot. Livskvalitet er eit stikkord - vi driv friluftsliv fordi det gir oss betre livskvalitet.

Styresmaktene legg i aukande grad vekt på økologi, natur og miljøvern i Norge, og det er hevda at friluftsliv kan nyttast som ein metode i arbeidet for å auke miljømedvitet i befolkninga. Undersøkingar syner at eit fleirtal av nordmenn driv friluftsliv i fritida.

²Bjerke, T 1993: Jegeren - en samfunnsfaglig oversikt. NINA Utredning 44. s. 24. I en undersøkelse fra 1973 om motivasjon for jakt la 86% av jegerene mest vekt på frisk luft og mosjon. I en annen undersøkelse fra 1978/79 svarte 65% at de la stor vekt på fysisk aktivitet / mosjon.

³Nedrelid, Tove: 1993 Ut på tur! - på nordmanns vis. Cappelen og Grimstad, Ingunn 1993 "De må jo ha vært gale" Om fortid og nåtid i Aurlandsdalen. Norge, tidsskrift for etnologi og folkloristikk. Nr.1. Tema Landskap. Universitetsforlaget.

FAFO-undersøkinga frå 1988⁴ syner at folk ønskjer å bruke meir tid på friluftsliv. Det er fleire arbeid som ser på kva som hindrar folk i å drive friluftsliv. Det er lagt vekt på at tilgjenge til friluftslivsareal er svært viktig. I offentleg friluftslivspolitikkk på 70- og 80-talet var derfor sikring og tilrettelegging av areal til friluftsliv eit viktig vekty. Det offentlege har på 90-talet lagt meir vekt på arbeid med tilretteleggingstiltak, nærmiljøområde og stigmuleringstiltak som naturinformasjon og rettleiing særleg for barn og unge.

1.3. Organisering av arbeidet med handlingsplanen

Arbeidet med Handlingsplan for friluftsliv i Møre og Romsdal har vore organisert med ei intern prosjektgruppe for arbeidet hos fylkesmannen og ei ekstern referansegruppe, med representantar frå sentrale etatar og organsiasjonar i fylket. Det vart tilsett prosjektmedarbeidar som har hatt hovudansvaret for uforming av dokumentet.

Prosjektgruppe

På Fylkesmannens miljøvernnavdeling vart det oppretta ei **prosjektgruppe** med denne samansetjinga:

- Seksjonsleiar Trond Haukebø
- Naturforvaltar Harald Ørsahl
- Natur- og friluftskonsulent Kjell Lyse
- Viltforvaltar Ulf Lucassen
- Fiskeforvaltar Leif Magnus Sættem
- Førstekonsulent Siv Aksdal
- Førstekonsulent Kirsti Moe Oterhals
- Natur og friluftskonsulent Pernille D. Bruun.
- Konsulent Heidi Myklebost⁵
- Prosjektmedarbeidar; konsulent Ingun Raastad

⁴Dølvik, Danielsen, Hernes: 1988: Kluss i vekslinga. Fritid, idrett og orhanisering. FAFO / NIF / STUI.

⁵Aksdal, Bruun, Oterhals, og Myklebost berre delar av perioden.

Prosjektgruppa har i møte og gjennom lesing av utkast teke del i arbeidet med svært nyttige faglege innspel.

Referansegruppe

Ei ekstern referansegruppe har fungert som eit friluftslivsfagleg samarbeidsforum for ulike friluftslivsinteresser. Referansegruppa har og gjennom møte og gjennomlesing av utkast gitt viktige innspel til arbeidet. Medlemmer i referansegruppa var:

- **Brukarrepresentant:**
Dagleg leiar Magnhild Vatne, Friluftsrådet for Ålesund og Omland
- **Grunneigarorganisasjonane:**
Organisasjonssekretær i Møre og Romsdal Bondelag, Atle Frantzen
- **Kommunane:**
Miljøvernleiar i Fræna kommune; Knut Kvalvågnes
- **Statens Utdanningskontor:**
Førstekonsulent Ivar Vereide
- **Møre og Romsdal Fylkeskommune, Nærings og miljøavdelinga**
Miljøkonsulent Lars Kringstad
- **Møre og Romsdal Fylkeskommune, kulturavdelinga:**
Avdelingsingeniør Tore Edøy.
- **Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga:**
Seksjonleiar Trond Haukebø, Prosjektmedarbeidar, konsulent Ingun Raastad

Referansegruppa har hatt 4 møte i samband med utarbeiding av *"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal"*


1.4. Mål

Det overordna målet for styresmaktene sitt friluftslivsarbeid er formulert i Stortingsmelding nr. 40, 1986 - 87 slik:

"Alle skal i sin kvardag ha gode høve til å drive friluftsliv som ein helse, trivselsskapande, naturvennleg fritidsaktivitet"

Fylkesmannen sitt mål for dette arbeidet er å lage ein strategiplan for arbeidet vårt for friluftslivet i fylket i perioden 1996 -1999. Handlingplanen er bindande for miljøvernavdelinga sitt friluftslivsarbeid. Det er og ønskjeleg at våre samarbeidspartane vil følgje opp med arbeid for friluftsliv i tråd med dei mål som det er lagt opp til i handlingsplanen.

Samfunnsutviklinga dei siste tiåra har ført til store endringar med stort arealpress som auka urbanisering, stor auke i trafikk og omlegging av jord og skogbruk. Saman er dette faktorar som i større og større grad hindrar adgang til naturområda for større grupper. Barn og unge har idag mindre høve til kontakt med naturen. Dette gjer det meir naudsynt å drive haldningskapande arbeid og opplæring i naturkunnskap og friluftsliv.



"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal"

Med bakgrunn i Direktoratet for naturforvaltning sin nasjonale "Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000"⁶, vart det i miljøvernavdelinga sin handlingsplan lagt opp til følgjande hovudsatsningsområde:

1. Stimulering og motivering til friluftsliv:

Hovudmålgruppe:

Barn og unge

Verkemiddel:

Informasjon, natur, miljø og friluftslivsretteleing

Samarbeid med:

Friluftslivsorganisasjonane

2. Arealforvaltning, planlegging og tilrettelegging:

Mål:

Sikre tilstrekkeleg areal til friluftsføremål for allmenta

Sikre naturvennlig tilrettelegging

Verkemiddel:

Planmessig sikring, oppkjøp eller leigeavtalar av område av nasjonal, regional og lokal verdi

Samarbeid med:

Fylkeskommunen, kommunar, friluftsråd, grunneigarar og andre aktørar

3. Friluftsliv i kommunal og fylkeskommunal verksemd

Mål:

Styrke den kommunale og fylkeskommunale handlingskompetansen

Verkemiddel:

informasjon, rettleiing, auka vekt på samordning og samarbeid kommunedelplanar og fylkesdelplan for idrett og friluftsliv

Samarbeid med:

Fylkeskommunen, kommunane

"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal" er delt opp slik:

Kap. 1-4 er generelt bakgrunnsstoff og Kap.5 viser dei aktuelle satsingsområda og tiltak ein vil gjennomføre i perioden.

Det er utarbeidd 5 temakart for friluftsliv (vedlegg)

1. Fylkeskart for friluftslivområde m.v.
2. Fylkeskart med båtutfartsområde m.v.
3. Fylkeskart med turløyper og turisthytter
4. Fylkeskart med statleg sikra friluftsområde
5. Fylkeskart med orienteringskartområde

Vedlegget inneheld og anna relevant informasjon som er viktig i forvaltninga av friluftslivsinteressene i fylket.

Vi vil peike på at det er nødvendig å koordinere og styrke arbeidet med friluftsliv både på fylkesnivå og i kommunane for å oppnå måla. Ein er vidare avhengig av at desse samarbeidspartane også vil styrke sin innsats på dei aktuelle tiltaka for å oppnå dei aktuelle måla. *"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal"* er såleis ein invitasjon til dei aktuelle samarbeidspartane om eit nærare samarbeid om satsingsområda.

"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal" skil seg frå våre tidlegare handlingsprogram på den måten at ein ikkje har konkludert med ei liste over prioriterte regionale og lokale friluftslivsområde ein vil gje friluftslivtilskot til. Dei fleste kommunane har i perioden 1994-95 utarbeidd kommunedelplanar for idrett og friluftsliv. Desse planane skal innarbeidast i kommunane sine arealplanar. Det er og utarbeidd eit høyringsutkast til fylkesdelplan for idrett og friluftsliv. Desse plandokumenta vil i stor grad vere grunnlag

⁶ Direktoratet for naturforvaltning Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 Trondheim, 1991.

"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal"

for fylkesmannen si prioritering for dei statlege tilskotsordningane for friluftsliv.

1.5 Friluftsliv - kva meiner vi med det?

Definisjon og praktisk bruk.

I Stortingsmelding nr. 40 1986-1987 er følgjande definisjon av friluftsliv nytta:

"Opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse".


Det er svært mange friluftslivsaktivitetar som kan oppfattast som idrettsaktivitetar. Friluftslivsmeldinga frå 1986-87 seier: *"I denne utredningen har en ikke regnet idrett, utendørs aktivitet i bebygde områder og motorferdsel i naturen som friluftsliv".*

Det er likevel i praksis svært uklåre grenser her. Vi vil peike på at miljøvernavdelinga sitt ansvarsområde er slik at det og er nødvendig å arbeide med idrettslege utandørsaktivitetar og andre former for uteaktivitetar.

Stortingsmelding nr. 41, 1991 -92 "Om idrett", legg opp til ein utvida definisjon av idrett der friluftsliv og ekte leik er teken med som ein del av det "nye" idrettsomgepet. For vår bruk her fell konkurranseidrett på spesielle idrettsanlegg heilt klårt utanom det denne handlingsplanen skal omfatte. Vi held oss i hovudsak til Friluftslivsmeldinga sin definisjon av friluftsliv, der ein legg stor vekt på opplevingsdimensjonen og tradisjonelt friluftsliv. I nokon grad tek vi omsyn til andre former for utandørs fysisk aktivitet der opplevingsdimensjonen er med. Nokre av desse kan vi kalle "moderne friluftsliv", t.d. fjellklatring, brevandring, telemarkskjøring og andre aktivitetar som er meir intensive med meir moderne utstyr, men ikkje er motorisert. Vidare tek vi med andre utandørs aktivitetar der natur og oppleving er viktige element slik som småbåtutfart, som i stor grad og inneber t.d. bading og soling.

"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal" omfattar i praksis følgjande:

1. Tradisjonelt friluftsliv
2. Moderne friluftsliv
3. Andre fysiske aktivitetar i natur eller naturprega område



Kva for aktivitetar er omfatta av omgrepet friluftsliv?

Ein annan tilnæringsmåte er å ta utgangspunkt i kva former for friluftsliv folk flest driv. Norsk Institutt for Naturforskning har i perioden 1989 - 1994 hatt ei forskningsgruppe for friluftsliv på Lillehammer som har arbeidd med ei rekkje tema om friluftsliv. Deira definisjon av friluftsliv er relativt romsleg, og det er i ein del samanhengar teke utgangspunkt i dei aktivitetar som folk driv - og kva dei sjølv gir opp som friluftsliv og utandørs fritidsaktivitetar. Ca. 75 % av befolkninga seier at dei driv med "roleg tur" og "soling/bading". Ved å ta utgangspunkt i dei mest vanlege aktivitetsgruppene som befolkninga likar, kan ein nytte dette i det vidare arbeidet for å vurdere kva for tiltak som kan komme til nytte for brukarane. Som basis for handlingsplanarbeidet legg vi til grunn seks typar aktivitetar som kallast friluftslivsaktivitetar. I figuren "Sju friluftslivsgrupper i Noreg 1989" er jogging m.v skilt ut frå gruppa "Aktiv tur"⁷

Roleg tur:

Turar i nærmiljø, mindre enn 3 km. frå bolig,⁸ ski og fotturar.

Aktiv tur:

Turar i regionen, dags- og helgeturar. Lengre turar, skiturar, fotturar, brevandring og klatring . Andre meir "spesialiserte aktivitetar". Jogging, riding m.v.

Soling/bading:

Utandørs soling og bading i sjø og vassdrag.

Båtliv:

Fritidsbruk av båt i sjø og vassdrag.


Fritidsfiske:

Fiske av fritidsmessig art i sjø og vassdrag.

Jakt:

Jakt av fritidsmessig karakter. Sju friluftslivsgrupper, 1989.

Figur . "Sju friluftslivsgrupper i befolkningen i 1989"




⁷Kleiven; Jo 1992. Aktivitetsmønstre i norsk ferie og fritid. Norsk Institutt for Naturforskning. Forskningsrapport nr.33:1-46.

⁸Normen er basert på DN sin definisjon fra "NATURBASEN", ein sammenkobling av informasjon fra databasene FRIDA og EDNA.

"Sju friluftslivsgrupper" og "Deltaking i friluftslivsaktiviteter" er henta frå: Kaltenborn, Det mangfaldige friluftslivet. FRIFO, seminarrapport "Frisk i friluft" 1993

Figur Deltagelse i friluftslivsaktiviteter i den norske befolkning i 1989. Prosent



2. Friluftsliv - kort status⁹

2.1. Friluftsliv - ei samfunnsak

2.1.1. Samfunnet sin påverknad av friluftslivet

St.meld. nr. 40 1986-87 Om friluftsliv slår fast at *friluftsliv er ei viktig samfunnsak*. I Noreg har vi eit friluftsliv som, i høve til folketalet, truleg er det mest varierte og har det største omfanget av alle dei industrialiserte landa. Rike tradisjonar frå bondesamfunnet sitt naturliv grunnlagt på hausting, finn vi i dag som "bygdas friluftsliv". Dette er karakterisert ved "*det tradisjonelle friluftsliv*"; t.d. haustingsaktivitetar som jakt, fiske, og aktivitetar knytte til vatn, vassdrag og fjord samt enkle turar i skog og fjell. Det moderne industrisamfunnet har ført til ein framvekst av "byens friluftsliv", eit slags "*moderne friluftsliv*" som fjellklatring og brevandring. Desse aktivitetane krev meir utstyr, spesialisert dugleik og tilrettelegging. Slike aktivitetar er omtalte som "Aktiv tur" i kap.1. Dei nyare "trendaktivitetane" som klippeklatring, telemarkkøyring, brettsegling og dykking har fått mykje omtale, men er eigentleg ikkje så vanleg blant folk flest. Undersøkingar viser at det tradisjonelle friluftslivet framleis er mest utbredt - også ungdommen av i dag går på tur.¹⁰ Tradisjonelle og moderne aktivitetar lever side om side og friluftslivsentsiastar driv fleire former for friluftsliv.

Det er mange faktorar i samfunnsutviklinga som er viktige for fritid og friluftsliv. Vi skal her sjå på to tema som kan vere av dei viktigaste faktorane for endring i tida fram mot år 2000.

2.1.2. Tidsbruk i dagens samfunn

Fritidsmønsteret i dagens postmoderne samfunn er karakterisert ved at folk i det ytre har fått meir fritid. Normalarbeidstida er redusert frå 48 til 37.5 timar i veka på 70 år. Auka yrkesdeltaking blant kvinner fører til forandring i tidsbruk til lønna arbeid kontra fritid - og tidsbruken til husarbeid har gått ned. Omsorgsarbeid, som ikkje kan definerast som fritid, er framleis i hovudsak eit kvinneansvar sjølv om menn i auka grad tek ansvar her.¹¹ Endingar i familiestrukturen og alderssamansetjinga i befolkninga har òg mykje å seie.

Det generelle fritidstilbodet har auka - og fritida er i større grad organisert. Deltaking i organiserte aktivitetar krev gjerne transport til og frå aktivitetstilbodet. Auka tidspress er eit resultat av denne utviklinga, som òg medfører auka tidspress i fritida.

2.1.3. Utbyggingsmønster og arealbruk

Auka urbanisering, større trafikk og utviklinga innan jord- og skogbruk er viktige faktorar som har ført til redusert friluftslivsareal og vanskelegare tilgang til naturen nær bustadområda. Arbeidet med å behalde grønne korridorar i byane har vist seg vanskeleg. Skogsdrift med skogsvegbygging og regulering av vassdrag til kraftformål, har ført til store endringar i landskapet. Det auka arealpresset har ført til at Noreg i dag har færre og mindre samanhengjande naturområde enn tidlegare. Ein måte å illustrere dette på er å sjå på storleiken av område som ligg meir enn 5 km frå den næraste vegen, jernbanen, grenda der det bur folk eller større inngrep i samheng med vassdragsregulering, såkalla "villmarksprega naturområde". Desse områda vart redusert frå 48 % til ca

⁹Kapitlet er utarbeidd med bakgrunn i mellom anna følgjande litteratur:

Kaltenborn og Vorkinn: (red) 1993: Vårt friluftsliv - Aktiviteter, miljøkrav og forvaltningsbehov. NINA temahefte 3.

Direktoratet for Naturforvaltning / Jostein Ohm, Asplan Analyse 1993-94: Friluftsliv - Nettverksbulletin.

¹⁰Telnes, Atle: Ungdommens deltaking i friluftsliv. Telemarksforskning, Bo i Telemark. 1990

¹¹Diskusjon om fritid og fritidsomgrepet er for vidt å ta opp her. Det er viktig å peike på at den tradisjonelle definisjonen av fritid som "tid utanom lønna arbeid", ikkje er nyansert nok for det postmoderne samfunn.

"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal"

12 % i perioden 1900 - 1994.¹² I Møre og Romsdal ligg berre 5 % av landarealet meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep.¹³



Fylkesmannen vil understreke det ansvaret kommunane har for å ivareta areala sine gjennom bruk av arealplanar. Vidare er "Kommunedelplanar for idrett og friluftsliv" eit viktig verkty for å ivareta friluftslivsinteressene.

Urbaniseringsprosessen - frå 1955 til 1985.

Den norske turkulturen

Fleire undersøkingar legg vekt på den særnorske turkulturen. Etnolog Tove Nedrelid skriv "Tur er nordmanns vis" i boka "Ut på tur".¹⁴

I skildringa si legg ho vekt på utviklinga frå det førindustrielle samfunnet der ferdselsretten var grunnleggjande, til naturdyrking som viktig moment i den nasjonalromantiske perioden før Noreg fekk sjølvstende, fram til i dag der turlivet framleis er eit av dei særtrekka som preger den norske kulturen.¹⁵



¹²Direktoratet for naturforvaltning 1995. rapport nr. 6; Inngrepsfrie naturområder i Norge.

¹³Vaagbø, Ola 1993; Den norske turkulturen. Utg. av Friluftslivets Fellesorganisasjon.

¹⁴Nedrelid, Tove; Utpå tur - på nordmanns vis. Cappelen Fakta. 1993.

¹⁵Sjå også Vaagbø, Ola: Den Norske turkulturen. FRIFO, 1993.

2.2. Arealgrunnlaget for friluftsliv

2.2.1. Planprosessar og vern

Arbeidet med arealplanlegging og sikring av friluftsområde er svært viktige delar av kommunane sitt friluftslivsarbeid. Mange forskjellige verkemiddel kan nyttast.

Allemannsretten

Friluftsløva av 1957 sikrar allmenta fri ferdsel i norsk natur, men det er med visse unntak. Ein må vise omsyn til naturen ved å ferdast sporlaust og t.d. ta omsyn til annan manns grunn og ikkje ferdast på innmark.

I utkastet til revidert lov om friluftsliv er det foreslått høve til å verne naturområde til såkalla "friluftsmark", men ein veit ikkje i skrivande stund om dette blir vedteke.

Større samanhengande naturområde

For jakt og aktive turar som fotturar, skiturar m.v. har dei større samanhengande områda mykje å seie. Det er viktig med nasjonalparkar og landskapsvernområde for å sikre det biologiske mangfaldet, artsrikdomen og eit representativt utval av landskaptypar. På grunn av dei naturfaglege og landskapsfaglege kvalitetane er desse områda også viktige for friluftslivet.

Korleis sikre arealgrunnlaget?

Kommunane sine arealdisponeringar er viktige for friluftslivet. Dei kan ta vare på friluftslivsinteressene gjennom planprosessar etter plan- og bygningsloven. I arealplaner vil område for friluftsliv ofte vere såkalla LNF-område; landbruk, natur og friluftsområde.


Gjennom utarbeiding av spesielle reguleringsplanar kan ein binde LNF-areal til spesielle formål. For friluftsliv vil det vere særleg aktuelt å nytte arealkategoriene *Friområde*: Til areal med intensiv bruk og tilretteleggingstiltak for friluftsliv, eller

Friluftsområde: For litt større naturområde med meir ekstensiv bruk, ingen eller forsiktige tilretteleggingstiltak.

I 1994 - 95 har dei fleste kommunane i fylket utarbeidd "Kommunedelplan for idrett og friluftsliv". Friluftsdelen i desse planane må generelt sett få ein vesentleg sterkare posisjon om dei skal kunne bli retningsgivande for tildeling av statlege friluftslivsmiddel gjennom tilskotsordninga for naturforvaltningstiltak.

Spesielle større naturområde kan vernast etter naturvernlova, dette er ein prosess som foregår kontinuerleg. I Møre og Romsdal er vern av større samanhengande naturområde som nasjonalpark i Sunndalsfjella/Dovrefjell og Reinheimen under førebuing. Nye landskapsvernområde tilknytta desse nasjonalparkane vil òg vere aktuelle.

For mindre areal kan det vere aktuelt at staten og/eller kommunen kjøper eller inngår langvarige leigeavtalar for område til friluftslivsformål, såkalla **sikra friluftslivsområde**. Klausulering av område kan òg nyttast.



2.2.2. Statusanalyse

I arbeidet med planlegging og tilrettelegging for friluftsliv er det viktig å ta omsyn til variasjonen i brukargruppene sine behov og preferansar for forskjellige areal til utøving av friluftsliv. Område som blir nytta til friluftsliv, kan delast opp etter ulike kriterium. I ein prosess der ein skal kartlegge friluftslivsaktivitetar i ein kommune eller eit område, vil det vere nyttig å kategorisere areala som nyttast til friluftsliv etter forskjellige kriterium for å få ein status.

I samband med arbeidet for "kommunedelplan for idrett og friluftsliv" utarbeidde fylkesmannen i juni 1994 eit skriv med enkle råd om korleis ein kan ta vare på friluftslivsinteressene i kommunen. (Vedlegg)

1. Kvar områda ligg i forhold til brukaren eller brukargruppa sin bustad:

Nærområde:

Område som brukast i avgrensa tid på dagen, ikkje meir enn 3 km frå bustad.

Dagsutfartsområde:

Brukt til dags- og helgeturar (òg kalla fjernområde).

Ferieområde:

Til ferieutfart (òg kalla fjernområde).

2. Bruksformål:

Større naturområde:

som i lands- og landsdelsamanheng er av verdi for friluftslivet.

Turområde:

andre område for turar, haustingsaktivitetar o.a.

Bruksparkar:

til allsidig bruk for kortare turar, mosjon, leik og opphald

Turvegdrag:

"Grøne korridorar" som bind saman friluftsområde og bustadområde

Badeområde:

for bading og soling

Båtutfartsområde

3. Bruksintensitet

-intensiv bruk, gjerne eit lite område som t.d. ein badeplass

-ekstensiv bruk, gjerne større samanhengande område som t.d. fjellområde for fottur

4. Opplevingskvalitetar

-naturfaglege verdiar

-kulturlandskap

-kulturhistoriske element

-spesielle landskapmessige element

Kva for verdi eit område nytta til friluftsliv har, kan fastsetjast gjennom bruk av desse kriteria.

Det er svært uklåre overgangar mellom desse kategoriane. Eit større samanhengande turområde kan til dømes

brukast ekstensivt, men òg meir intensivt i delar av området. Randsona kan vere nærrområde for mange, medan området òg kan fungere som turområde for dags-, helge-, og ferieutfart for folk frå regionen og landet/andre land. Forskjellige typar brukarar kan gi brukarkonflikter, t.d. jakt og fotturar innafor same området.

Auka tilgang til jakt og fiskerettar.

Samarbeid mellom grunneigarar er viktig for å sikre gode jakt- og fisketilbod til allmenta. Styresmaktene vil auke innsatsen på dette feltet.

Turstigar og løyper

"Nasjonal plan for stigar og løyper i fjellet"¹⁶ legg vekt på koordinert innsats for nasjonale og regionale stig- og løypenett. Her legg ein òg vekt på at eventuelle planar for vidare utbygging av stigar og løyper i fjellet må vere godt planlagde, slik at ein unngår konflikter med andre interesser, t.d. trekkvegane til villreinen. I den såkalla "Stig- og løypeplanen" legg ein opp til å nytte sonering som verktøy i arealplanlegginga. Ein skal såleis vurdere i kva grad eit område skal nyttast intensivt eller ekstensivt, slik at ein varierer kor stor vekt ein legg på tilrettelegging av stigar og løyper.

Rikspolitiske retningslinjer for oppvekstmiljøet til barn og ungdom og samordna areal og transportplanlegging kan vere verkty for arbeidet med å sikre gode **bruksparkar** og **turvegdrag** i meir tettbygde strøk og bykommunar. Miljøvennlege byar og tettstader er eit nasjonalt mål.

Tilgjengelege turområde må sikrast gjennom samarbeid mellom jordbruks-, skogbruks- og friluftslivsinteresser. Eit

varierte kulturlandskap er viktig for å gi rike friluftslivsopplevingar. Planlegging for fleirbruk må vere eit mål både innan skog- og jordbruk.

Det er viktig å sikre både badeplassar og andre strandareal mot nedbygging. Mange stader vert det opparbeidd badeplassar med bryggje, toalett, renovasjon og parkeringsplassar. Strandlinja er sårbar og ein må legge vekt på naturvenleg tilrettelegging. Det er elles forbode å byggje i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag.

Båtliv er òg ein utandørsaktivitet som i auka grad krev tilrettelegging for småbåthamn og gjestehamn. Båtliv er svært populært i fylket vårt, og Møre og Romsdal har eigne kart for sjøsport.

Tiltak for friluftslivet sitt arealgrunnlag er omtalt som satsingsområde i handlingsprogramdelen (del 5) av denne handlingsplanen.


Figur
"Inngrepsfrie område"

¹⁶Direktoratet for naturforvaltning 1991 og 1994 Mål og retningslinjer for stier og løyper i fjellet. Del 1 og 2.

"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal"


Kartene viser utstrekningen av områder som ligger mer enn fem kilometer fra inngrep (villmarkspregede områder).

*Kilde: Brun, M. NOU-1986, nr. 13/ GRID-Arendal 1992
Redaksjonell bearbeiding og grafisk produksjon: GRID - Arendal 1994*




Kilde: Brun, M. NOU-1986 / GRID-Arendal 1992. Redaksjonell bearbeiding og grafisk produksjon: GRID - Arendal 1994

"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal"



Eksempler på intensivt (øverst) og ekstensivt friluftsliv.



2.3. Negative sider av friluftslivet

Dei negative sidene av friluftslivet må takast på alvor. Med jamne mellomrom er det spørsmål i massemedia kring ulukker i naturen - og samfunnet sine økonomiske belastningar. Det er justisdepartementet som har ansvaret for redningsarbeidet på sjø og land i Noreg. Dei einskilde politi- og lensmannstyresmaktene har ansvaret for organiseringa av leite- og bergingsaksjonar. Vidare er det auka diskusjon kring negative effektar på einskilde naturområde som nyttast mykje til friluftslivsføremål.

Friluftsliv i risikosamanheng

Massemedia har i den seinare tida fokusert på såkalla risikoaktivitetar. Dette omfattar òg friluftslivsaktivitetar som mellom anna padling og klatring. Vidare skjer det årleg skyteulukker i samband med jakt, og stundom blir folk borte i fjellet eller på sjøen. Risikoaktivitet heng saman med risikoåtfærd (individuell) og risikosituasjon (miljø). Det er både subjektive og objektive forhold i det totale biletet.

Ein god måte å førebyggje ulukker innan friluftsliv på er å gi god opplæring og leggje vekt på informasjon og tryggleik i samband med gjennomføringa av slike aktivitetar. Skoleverket har eit ansvar for opplæring i friluftsliv og livbergingsaktivitetar. I lærarutdanninga finst det tilbod om friluftslivsutdanning. Høgskulen i Volda (Volda Lærarhøgskule) er eit kompetansesenter her.¹⁷

Norsk Fjellsportforum¹⁸ er eit organ som tek arbeidet med tryggleik i samband med fjellsportaktivitetar alvorleg. Dei har sett ein anbefalt standard for utdanning av instruktørar innan fjellsport og for kursarrangørar. Dei legg vekt på tryggleik i

alle aktivitetstilboda som er arrangert av medlemsorganisasjonane av Norsk Fjellsportforum (NF).

Ein må òg nemne at ved å tilretteleggje for friluftsliv kan ein tilleggast eit vedlikehaldsansvar. Dei siste åra har det vore ein auke i erstatningssøksmål m.a. i samband med ulukker. Dette kan òg bli eit aukande problem for dei som har ansvar for naturforvaltning og friluftsliv.



Meget skjer i luftrommet langs Trollveggen, hvor politiet nå er gått til stor-aksjon.

¹⁷Tegninga er henta frå Aftenposten 1.8.81.

¹⁷Sjå til domes Repp: (red.) Opplæring og tryggleik i friluftsliv. Rapport frå seminar ved Volda Lærarhøgskule. 1986.

¹⁸Medlemmar av Norsk Fjellsportforum er fjellsportgrupper i Turisforeiningar over heile landet og andre som driv fjellsportkurs som til domes Aak Fjellsportsenter i Romsdalen.

Negative effektar av friluftsliv på naturområde¹⁹

Dei mest negative effektane av friluftsliv i naturområde er

- Slitasje på jordsmonn og vegetasjon
- Forureining og spreiding av sjukdom
- Uroing av dyreliv
- Inngrep i strandsona og elveoslandskapet på grunn av tilrettelegging for båtliv og bading

Vi ser desse konfliktane tydeleg i svært populære område som Rondane nasjonalpark (uroing av rein), Jostedalsbreen nasjonalpark (søppel frå turar oppe på breplataet).

I Møre og Romsdal er det til dømes mykje slitasje på Runde som er verna med fuglefredningformål.

Støy, forureining og slitasje på naturen i samband med motorferdsel er eit anna problem som oppstår i samband med oppkjøring av (ski-)løyper, og trafikk i samband med hyttebesøk o.s.b. Det er generelt forbod mot motorisert ferdsl i utmark, men kjøring på dispensasjonar utgjer mange stader ein trussel mot det enkle friluftslivet sine interesser.

Arbeid med fysisk planlegging med bruk av sonering, kanalisering av ferdsl og eventuelle ferdslsrestriksjonar, kan vere eit botemiddel for slike skadar på naturen.

Tiltak for natur og friluftslivsretteiing, kyst-, fjellfriluftsliv og naturvennleg tilrettelegging er omtalt i kap. 5.



"Skal vegen tilrettelegges for turgåere eller andre brukergupper? Er det brukergupper eller framkomstmidler som en ikke ønsker på vegen, må dette komme klart fram. Hvis det i dag ikke er motorisert ferdsl på vegen er det ikke tilrådelig med det i framtiden."

¹⁹Aas, Øystein, Konflikter friluftsliv - vern. I Friluftsliv og naturvern. DN-notat 1994 - 4.

2.4. Friluftsliv i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal er karakterisert ved høge fjell, djupe dalar og mange fjordar med bratte sider. Langs kysten er det mange små og store øyar. Busettinga er spreidd med tre middels store byar: Kristiansund på Nordmøre, Molde i Romsdal og Ålesund på Sunnmøre. Kommunikasjonen er framleis prega av ferjer og svingete fjellovergangar, sjølv om tunnellar og bru er i ferd med å bli meir vanleg i ferjefylket vårt.

Arealet som kan brukast til busetjing langs fjordar og på øyar er ofte knapt, og med auka urbanisering blir arealpresset aukande i fylket vårt òg. Trass i dette svarar alle kommunane at innbyggjarane har nærmiljøområde til rolege turar mindre enn 3 km frå bustaden.²⁰

Vi vil her gi ein enkel karakteristikk av dei mest vanlege friluftslivsaktivitetane i fylket vårt:

2.4.1. Vassdrag og kystbaserte friluftslivsaktivitetar

Soling og bading er det mogleg å drive med så langt som det lar seg gjere etter ver og klima. Det er mangel på gode badeplassar med temperert vatn som ligg lunt til, nær bustadområda.

Båtliv er svært populært i fylket, og det kjem forslag på fleire småbåthamner og gjestehamner. Det finst ca. 25.000 småbåtar i fylket. Det meste av båtlivet er i dag motorisert. Vi har og ein særleg vestnorsk båttradisjon som er teken vare på i bruksbåtmiljøet fleire stader i fylket, både i museal samanheng og som friluftslivstilbod.

Fritidsfiske er det gode høve til både i sjøen, i vatn og vassdrag. Det er fleire vassdrag med lange tradisjonar på

laksefiske. Driva, Surna og Rauma er døme på slike fiskeelvar. Ein lakseparasitt har

infisert nokre vassdrag, men det er sett i gang eit stort arbeid for å utrydde denne parasitten.

For fiske i innsjøar er det eit mål å samordne kortsalet slik at det er lettare tilgjengeleg. På Sørlandet og i Sogn og Fjordane er det sett i gang arbeid for å danne eit nett av overnattingsstader langs kysten, der båtfolket får eit tilbod som svarer til det tilbodet fjellfolket har. Foreininga "Kysten" har sett istand gamle fyr og stader der det var "årebyte" til dette formålet.

Temakart med område som er mykje nytta til båtutfart, småbåthamner med gjesteplassar og fiskeplassar finst i vedlegg.

Friluftsliv i kystområda og fritidsfiske er tema som ein ønskjer å sjå nærare på. Sjå kap. 5 tiltak.

2.4.2. Landbaserte friluftslivsaktivitetar med stort behov for store samanhengande areal

Jakt

I fylket er det jakt på rein, hjort, elg og småvilt. Vi har resultat frå ei spørjeundersøking blant jegerar i Møre og Romsdal.²¹ Her kjem det fram at jegerane i fylket ønskjer auka tilgang på både stor- og småviltjakt. Norges Jeger og Fiskerforbund har ein aktiv fylkersorganisasjon i Møre og Romsdal.

Tiltak for jakt finst i kap. 5.

Aktiv tur,

til dømes fot- og skiturar frå hytte til hytte, klatring og brevandring.

I alle delane av fylket er det eit godt utbygd turstignett med fleire overnattingshytter. Dei tre turistforeiningane og DNT driv overnattingshytter og merking av stigar. Noko spesielt for Vestlandet er skiturane om våren. Her er det gode høve til å gå på

²⁰Fylkesmannen sin spørjeundersøking til kommunane des. 93.

²¹Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport nr. 8 1990.

ski høgt til fjells langt utpå våren, og lange lyse maikveldar og finvershelger vert nytta til storutfart. Alpine fjellformasjonar innbyr til fjellklatring og nokre brear vert nytta til enkel brevandring. Sunnmørsalpane, Romsdalen og Innerdalen er kjende langt utafor landegrensene for gode tilhøve for fjellklatring og tinderangling.

Temakart for nasjonalt og regionalt viktige turløyper med turisthytte/innkvartering finst i vedlegget.

Tiltak for fjellfriluftsliv er omtalte i kap. 5.

2.4.3. Friluftslivsområde med statleg sikring i Møre og Romsdal

Gjennom statstilskott er det sikra nær på 80 område til friluftsføremål i Møre og Romsdal. Av desse områda er to av nasjonal verdi, 28 av regional verdi og 45 av lokal verdi.

Fylkeskartet der dei sikra områda er teikna inn, er med i vedlegget. Registreringane er henta frå Naturbasen.²² Kjennskapen til status i desse sikra områda er noko mangelfull.

Tiltak for offentleg sikring av areal til friluftsføremål er omtalte i kap. 5.

"DET ANTYDES AT KARI OG OLA HAR MINST 2 RYGGSEKKER HVER, MEN SÅ ER VI OGSÅ KJENT SOM RYGGSEKKENES HJEMLAND. VI FÅR DEN FØRSTE SEKKEN I 2-ÅRS ALDEREN OG GÅR PÅ TUR MED BLEIER I. VI ER IKKE BARE FØDT MED SKI PÅ BEINA, VI ER OGSÅ FØDT MED RYGGSEKK- OG UTEN FRYSER VI PÅ RYGGEN."



Britiske Ethelbert Lort -Phillips var i fleire år frå 1889 på jakt og fiske i Sunndalfjella. Han fekk bygd fleire luksuriøse hytter som han leigde ut til andre britar. Vangshaugen, som no er i Kristiansund og Nordmøre Turisforening sitt eige, er ei slik hytte.

I Romsdalen var Lady Di Beauclerc på vitjing i 1863 og skreiv seinere boka "A summer and Winter in Norway". Ho skreiv: *Når eg tenkjer på alle dei lukkelege dagane eg heldt til der i dalen, kor gjerne ynskjer eg meg ikkje attende tilbake til det nette gjestgjevarhuset av tre, so vent, so reint, so underleg! So nøgde me var med det einfelde livet der! So fredsamt! So sutalaust! Når skal eg atter gle meg over so lukkelege stunder som dei eg hadde på barden av den solglitrande elva?*²³

Frå 1890 var engelskmannen Cecil W. Patchell på Øye i Nordangsdalen og steig opp på ei rekkje av Sunnmørstoppane. Han klatra òg i andre sentrale norske fjellområde som Hurrungane i Jotunheimen, men kom alltid attende til fjella rundt Hjørundfjorden. I dag ligg Patchellhytta sentralt i Sunnmørsfjella - ei hytte Patchell sjølv sette opp. Ålesund og Sunnmøre Turistforening har sidan sett opp ei større hytte der, og Patchell si steinbu er restaurert.

²³Oversett til norsk av Edvard Hoem.

3. Aktører, rollefordeling, verkemiddel i friluftsliv

Ein vil her kort seie noko om dei sentrale aktørane, verkemiddel og kva for rollefordeling ein har for friluftslivsarbeidet i fylket.

3.1. Staten - fylkesmannen si miljøvernavdeling

Miljøverndepartementet har ansvaret for friluftslivspolitikken på nasjonalt nivå. Den overordna politiske styringa skjer gjennom lovverk, utarbeiding av forskrifter til lovverka og rundskriv. Den utøvande funksjonen har Direktoratet for naturforvaltning (DN). Direktoratet skal behandle oppgåver som sikring og forvaltning av friluftsområde, tildele statlege tilskot til naturforvaltningstiltak og arbeide med å ta vare på friluftssinteressene i arealplanlegginga.

I 1995 blei det lagt fram forslag til endringar i Friluftsløva som fører til at både dei kommunale og fylkeskommunale friluftsnemndene kan opphøre. Det tidlegare Statens Friluftsråd er lagt ned og Statens Naturforvaltningsråd behandlar friluftslivsaker.

Fylkesmannen ved miljøvernavdelinga har mellom anna ansvar for å gjennomføre nasjonale mål for friluftslivspolitikken. Arbeidet for å fremje eit naturvennleg friluftsliv i nærmiljøet og stimulering og motivering for friluftsliv blant barn og unge er viktig. Miljøvernavdelinga fordeler tilskot til friluftsmål etter kriterium frå DN. Miljøvernavdelinga har òg som oppgåve å gi tilråding til prioritering av område som er søkt sikra til friluftsmål, og skal mellom anna rettleie og vere rådgjevar i kommunane sin friluftslivspolitikk m.o.t. arealplanlegging. Ein vil likevel understreke at kommunane òg har eit sjølvstendig ansvar for å ta vare på friluftslivet.

Frå 1993 vart landbruksavdelinga ein del av fylkesmannsembetet.

Landbrukstyresmaktene arbeider mellom anna med kulturlandskapet, eit viktig arealgrunnlag for friluftsliv. Det er eigne tilskotsordningar for kulturlandskap frå landbruksavdelinga. Skogbruksforvaltning er òg viktig for friluftslivet m.o.t. fleirbrukplanlegging og friluftsliv i utmark generelt. Ei viktig utfordring i framtida er å arbeide for betre samordning og at fleirbruksomsyn i vesentleg sterkare grad blir innarbeidd i skogbruket.

Tilskott til friluftsmål

Fylkesmannen si miljøvernavdeling forvaltar fleire tilskotsordningar til nytte for friluftslivet. Kvart år er det høve til å søkje om tilskot til friluftsliv-, vilt-, og fisketiltak gjennom fylkesmannen for;

Planlegging

Kartlegging

Informasjon

Organisering

Skjøtsel, kultivering og oppsyn

Fysisk tilrettelegging

Stimulering og motivering

Drift av friluftsområde

Aksjon Vannmiljø

Sikring av viktige areal til friluftsmål

Ein kan søkje om statleg stønad til tilrettelegging og/eller oppkjøp med inntil 50% av lokale friluftslivsområde og inntil 100% for regionalt viktige område.

Kvart år blir det sendt ut rundskriv og søknadskjema til alle kommunane og andre aktuelle instansar med informasjon om ordningane. Søkjaren rettar søknaden til kommunen innan 1. oktober. Kommunane prioriterar dei innkomne søknadene og sender dei til fylkesmannen innan 15. november. Fylkesmannen får tilskot til fordeling basert på dei søknadene som er innkomne.

Det er førebels ingen formelle krav til korleis kommunane skal prioritere

"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal"

søknadene om tilskot til friluftsliv hos Fylkesmannen. Men DN har varslet at dei i framtida vil legge større vekt på at dei planlagde tiltaka skal vere med i kommunale planar som "Idrett- og friluftslivplan", "Miljø- og ressursplan" eller andre former for bindande planverk.

Fylkesmannen fekk i 1995 til saman kr 1.065.000,- til fordeling på 109 søknader til drift, tilrettelegging, planlegging og stimulering til friluftslivsmål. Til Aksjon Vannmiljø fekk vi kr 290.000,-.


I perioden 1993 - 1995 har det vore ein reduksjon på 24 % av dei statlege friluftslivsmidla på nasjonalt nivå. Det er ein reell nedgang i dei midlane som fylkesmannen disponerer til slike formål.

I perioden 1991-1994 var det òg høve til å søkje om øremerka midlar til miljøsysselsetting gjennom fylkesmannen, men denne ordninga vart avslutta i 1994. Det er no kommunane som tildeler sysselsettingstiltaka.

Figuren viser statlege tilskot til friluftslivsmål i Møre og Romsdal 1983 - 1995.

Den store aukinga i 1992 - 94 skuldast vesentleg auka tilskot som er øremerka som driftstilskot til miljøretta sysselsetting. I 1993 var det òg øremerka tilskot til spesielle informasjonstiltak i samband med friluftslivets år. I 1995 har det vore noko auke på posten "stimulering og motivering" i samband med "naturvernåret". Figuren omfattar ikkje statlege tilskot til sikring (kjøp el. langvarig leige) av friluftslivsområde.

**Tilskot til friluftslivsmål fordelt gjennom FM/MVA i M&R
1983 - 1995**



3.2. Fylkeskommunen

Den fylkeskommunale fylkesfriluftsnemda hadde tidlegare det "politiske ansvaret" for friluftsliv, men i 1994 vart mykje av dette overført til kulturutvalet. Som ein følgje av dei forslaga til endringar av Friluftsløven som ligg føre i 1995, vil ordninga med fylkesfriluftsnemnd venteleg opphøyre. Nærings- og miljøavdelinga har ansvaret for å ivareta friluftslivsinteressene i plansaker.

Kulturavdelinga i fylkeskommunen har mellom anna ansvar for å fordele overskotet frå statlege spel, dei såkalla "Spelemidlane" til anlegg og område for idrett og friluftsliv.²⁴ Frå og med 1990 kan desse midla òg nyttast til nærmiljøanlegg og friluftslivstiltak som turstigar, turskiløyper og turkart.

Frå 1.1.95 er det frå Kulturdepartementet sett som krav til kommunane at dei har ein "Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv" med spesifikke krav til prioritering av tiltak for idrettsanlegg, friluftslivsområde, nærmiljøanlegg og rehabilitering av anlegg.

I 1995/96 har kulturavdelinga utarbeidd høyringsutkast til "Fylkesdelplan for idrett og friluftsliv 1996-99)". Arbeidet er leia av ei eiga politisk styringsgruppe. Arbeidet med fylkesdelplanen og fylkesmannen sin handlingsplan er prøvd koordinert.

Både nærings- og miljøavdelinga og kulturavdelinga i fylkeskommunen legg vekt på at dei ønskjer eit tettare samarbeid om friluftslivssaker på fylkesnivå i Møre og Romsdal.

Tiltak for styrking av samarbeid på fylkesnivået er omtalt i kap. 5.

3.3. Kommunane

Kommunane har ei viktig oppgåve i å forvalte arealressursane slik at friluftsliv har gode vilkår. Det politiske ansvaret for friluftsliv i kommunane var tidlegare i friluftsnemdene. Etter endringane i kommunelova er det opp til kvar kommune kor dei vil plassere dette ansvaret no. Det administrative ansvaret for friluftslivsarbeidet i kommunane kan t.d. vere delt mellom kulturetaten og miljøvernkonsulenten.

I samband med utarbeidinga av denne handlingsplanen, fekk kommunane i Møre og Romsdal før jul i 1993 eit spørjeskjema om friluftsliv som dei skulle svare på i førstninga av 1994. (Spørjeskjemaet i vedlegg)

Kommunane vart spurde om :

- satsingsområde for friluftsliv
- sikring og opparbeiding av regionale område
- sikring og opparbeiding av lokale område

Ein gjennomgang av desse spørjeskjema frå 1994 og dei kommunale delplanane for idrett og friluftsliv som er komne i perioden 1994-95, viser at svært mange kommunar manglar statusanalyse og prioriteringar for friluftsliv. Innan utgangen av 1995 hadde 36 kommunar utarbeidd kommunedelplanar for idrett og friluftsliv.

På spørsmål om kven kommunane hadde god kontakt med, svarte dei slik for fylkesnivået: (Tal på svar i parentes)

Fylkeskommunens kulturavdeling (11 stk.), nærings og miljøavdelinga (6 stk.) og Fylkesmannens miljøvernavdeling (17 stk)
Ni kommunar svarte at dei ønskjer betre kontakt med fylkeskommunen si nærings- og miljøavdeling. 18 kommunar svarte at dei ønsker betre kontakt med friluftslivsorganisasjonar, og like mange ville ha betre kontakt med idrettsorganisasjonar.

²⁴Ein del av spelemidlane vert fordelt direkte til tiltak i fjellet frå Direktoratet for Naturforvaltning til Den Norske Turistforening og deira medlemsorganisasjonar.

"Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal"

På spørsmål om kva fylkesnivået bør satse på m.o.t. friluftsliv, er det 12 kommunar som meiner ein må drive meir rettleiing, informasjonstiltak og aktivt stimulerings- og motiveringsarbeid.

Tiltak for friluftsliv i kommunal verksemd er omtalte i kap. 5.



3.4. Frivillige organisasjonar

Det tradisjonelle norske friluftslivet er i stor grad karakterisert ved at det kan drivast spontant og uorganisert utan særleg mykje utstyr eller hjelpemiddel. Det er også dette friluftslivet som er mål for Stortingsmelding 40 1986-87.

Framveksten av det som blir kalla moderne friluftsliv krev ofte noko meir planlegging/tilrettelegging og utstyr. Oppslutninga om friluftslivsorganisasjonane har auka, noko som kan tyde på at fleire friluftslivsutøvarar er meir interessert i tilrettelegging som hytte, merka stigar, organiserte turar, o.a.

Friluftslivsorganisasjonane gjekk i 1985 saman og stifta Friluftslivets Fellesorganisasjon, FRIFO.

FRIFO var den viktigaste operatøren for Friluftslivets År 1993. I kvart fylke vart det oppnemnt ein fylkeskontakt for FRIFO. For åra etter satsar FRIFO mellom anna på ei "Friluftslivets veke" i september

Tabellen er frå St. meld. om Idrett s. 63.

Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO)



Oversikt over friluftslivsorganisasjonene i FRIFO – stiftelsesår, medlemskap, årsverk og budsjett 1990 i mill. kr.

Organisasjon	Stiftet	Medlem	Årsv.	Budsj. 90
Skiforeningen	1883	46 700	38	35
Den N. Turistfor.	1868	146 700	29	57
N. Jeger- og Fisk.	1871	86 800	22	22
N. Speiderforbund	1978	35 500	13	11
N. KFUK-speidere	1920	11 000	8	5
N. KFUM-speidere	1945	8 200	6	3
N. 4 H	1936	22 900	13	12
N. Folkesportfor.	1975	(400 for.)	2	2
N. Røde Kors Hj.f.	1932	20 000	3	3
N. Orienteringsf.	1945	32 000	12	11
N. Padleforbund	1934	4 000	2	2
SUM		431 000	148	163

Aktiviteten for dei forskjellige medlemsorganisasjonane varierer mykje med storleiken og målsetjinga for organisasjonen. På fylkesplan er det òg stor forskjell på organisasjonane. Som eit ledd i arbeidet med handlingsplanen vart det i desember 1993 sendt ut eit spørjeskjema til alle FRIFO-organisasjonane i fylket.²⁵

Ønskje frå oganisasjonane

På spørsmål om kva for tiltak ein bør satse på i arbeidet med friluftsliv på fylkesnivå, la organisasjonane vekt på følgjande:

- Vern av naturområde som kan nyttast til friluftsliv og arbeid for å ta vare på nærmiljøområde til friluftsliv
- Betre koordinering av arbeidet for friluftsliv mellom dei forskjellige forvaltingsledda på fylkesnivå
- Betre kontakten med fylkesorganisasjonane
- Bidra til å styrke organisasjonane sin økonomi

Berre ein av fylkesorganisasjonane seier at dei har god kontakt med fylkesmannen si miljøvernaving, og ein organisasjon seier dei har god kontakt med fylkeskommunen si kulturavdeling.

Her følgjer ein statusrapport basert på dei svara organisasjonane sjølve gav, samt informasjon samla på anna måte.

3.4.1. Turlag / Turistforeiningar

Dei største turistforeiningane i Møre og Romsdal er:

Kristiansund og Nordmøre Turistforening (KNT)

Molde og Romsdal Turistforening (MRT)

Ålesund og Sunnmøre Turistforening (ÅST)

Alle desse er medlemmer i Den Norske Turistforening (DNT)

Det finst fleire mindre turlag/ turistforeiningar som til dømes Åndalsnes Turlag, "Fjellhug" i Sykkylven. Desse driv

eit godt arbeid for friluftslivet meir lokalt, men er ikkje vidare omtalte her.

Trondheim Turistforening har hytter og stignett i Trollheimen i Møre og Romsdal.

Her følgjer ei kort skildring av arbeidet i dei største regionale foreiningane våre.

Kristiansund og Nordmøre Turistforening

Medlemmer:

1878 medlemmer

Geografisk verkeområde:

Nordmøre, Snøhetta, Sunndalsfjella.

Aktivitetar:

Dagsturar, helgeturar, fleirdagsturar.

Informasjonsarbeid:

Brosjyrar, gir ut årbok.

Arbeid for spesielle grupper:

Turar for psyk. utviklingshemma.

Eigedom:

Turisthytter

Stigar:

Merka stigar på Nordmøre, Snøhetta, Sunndalsfjella.

KNT opplyser at dei har god kontakt/ samarbeid med kommunar, andre turistforeiningar og lokale media.

Molde og Romsdal Turistforening

Medlemmer:

over 2200 medlemmer

Geografisk verkeområde:

Molde og Romsdal

Aktivitetar:

Turar i nærmiljøet, dags- og helgeturar og nokon grad båtturar

Informasjonsarbeid;

Turkart Romsdal, 1:80 000, fleire informasjonsbrosjyrar på norsk, engelsk, tysk. medlemsblad.

Arbeid for spesielle grupper:

Åpne fellesturar, fellesturar for ungdom, utlån av hytter til leirskole

Eigedom:

Hytter

Stigar:

Merka stigar, bruer/klopper

²⁵Berre 7 av 15 organisasjoner med fylkes eller regionledd svara på spørjeskjema.

MRT opplyser at dei har en viss kontakt med kommunar, fylkesmannen si miljøvernavdeling og grunnskolen.

Ålesund og Sunnmøre Turistforening

Medlemer:

ÅST har 4067 medlemer.

Geografisk verkeområde:

Sunnmøre, delvis Romsdal og Skjåk.

Aktivitetar:

Turar i nærmiljøet, dags- og helgeturar, merking av stigar og drift av hytter.

Informasjonsarbeid:

Opplysningsarbeid gjennom brosjyrer.

Arbeid for forskjellige grupper:

Eigen ungdomsgruppe og arbeid med leirskole.

Eigedom:

11 turistforeiningshytter

Stigar:

ca. 1000 km merka stigar

ÅST opplyser at dei har god kontakt og samarbeid med: Kommunar, Fylkesmannen si miljøvernavdeling og andre turistforeiningar/turlag.

Oppsummerande kommentar:

Alle dei tre organisasjonane opplyser på ulikt vis at dei arbeider for utbetring av tur- og friluftsliv i nærmiljøet og regionen, naturvennleg friluftsliv og miljøvern, urørt natur og betre kjennskap til regionen.

Molde og Romsdal Turistforening har utarbeidd ein eigen plan: "Mål og Strategiplan for MRT 1994-96"

Samarbeidet med turistforeiningane er omtalt i handlingsprogramdelen.

3.4.2. Møre og Romsdal Fylkeslag av Norges Jeger- og Fiskerforbund

Medlemstal og geografisk verkeområde:

Fylkeslaget i Møre og Romsdal organiserer 3600 medlemer med om lag ei lokalforeining i kvar kommune.

Aktivitetar:

Fiske, jakt og turar i nærmiljøet. Dei organiserer i nokon grad dags- og helgeturar, samt båtturar.

Informasjonsarbeid:

Brosjyrar og medlemstidsskrift

Arbeid for spesielle grupper:

Familiearrangement, tilrettelegging av fiskeplassar for funksjonshemma.

Fellesmøte med andre organisasjonar. Samarbeid med skoleverket, særleg prosjektet "Fisk med oss" (600 barn) og "Frænaprosjektet" (tilbod til skolar).

Eigedom:

Lokalforeineingar eig/disponerer hytte og område for trening og jakt.

M&R JFF opplyser at dei har god kontakt med fylkeskommunen si kulturavdeling og andre jeger- og fiskeforeiningar.

M&R JFF opplyser at dei ønskjer å arbeide for

- ei bevisstgjerung av folk om utnytting og bruk av naturen og naturressursane i tråd med forvaltinga
- at det årlege produksjonsoverskotet av vilt og fisk kan haustast av flest mogleg
- å bidra til å sikre grunnlaget for naturleg produksjon av vilt og fisk
- aktiv tilrettelegging for utøving av eit enkelt og naturvennleg friluftsliv der jakt og fiske står som eit naturleg val for nye generasjonar

Handlingsprogrammet tek opp auka høve til jakt og fiske for allmenta i kap. 5.

3.4.3. Speidarorganisasjonane

Det er fleire speidarorganisasjonar i fylket. Speidarane er organiserte innan desse tre forbunda på landsbasis:

KFUK-speidarar, KFUM-speidarar og Norges Speiderforbund.

Sunnmøre Krins av Noregs KFUM-speidarar har ca 700 medlemer i 22 lokale grupper. Dei har eigen krinssekretær i ca. 1/2 stilling. Dei driv friluftsliv som ein del

av speidararbeidet sitt. Denne krinsen har eigen organisasjon for KFUK-speidarar. Nordmøre og Romsdal krins av Noregs KFUM-speidarar har 91 medlemmer i tre grupper. Denne krinsen har òg ein organisasjon for KFUK-speidarane. Det er to krinsar av Norges Speiderforbund i fylket, i Romsdal og på Sunnmøre.

3.4.4. Andre

FRIFO har òg andre medlemsorganisasjonar med avdelingar i Møre og Romsdal. Desse er Møre og Romsdal 4 H, Møre og Romsdal Orienteringskrets, Norges Røde Kors hjelpekorps avd. Møre og Romsdal og Norges Folkesportforbund avd. Møre og Romsdal.

3. 5. Friluftsråd

Dei interkommunale friluftsråda er oppretta som eit frivillig samarbeid mellom fleire kommunar i og rundt større byar i fleire fylke. Samarbeidet er formalisert gjennom eigne vedtekter og val av styre. Aktivitetar finanisierast ved at kvar kommune betaler medlemskontingent. Det er i dag etablert 13 slike interkommunale friluftsråd i Noreg. Friluftsråda er organisert på landsbasis i Friluftsrådenes Landsforbund. (oversikt i vedlegg)

I Møre og Romsdal har vi berre eitt slikt friluftsråd: Friluftsrådet for Ålesund og Omland, FÅO. Medlemskommunane i FÅO er: Giske, Haram, Skodje, Stordal, Sula, Vestnes, Ørskog og Ålesund.

FÅO er organisert med eit styre som utgjør ein representant for kvar av medlemskommunane. I oktober 1992 vart det tilsett dagleg leiar i FÅO. Medlemskontingenten er sett til kr 4 pr. innbyggjar i kommunen, med indeksregulering for kvart år. Ved hjelp av midlar frå andre kjelder som t.d. statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar, har FÅO hatt ein økonomi som har gitt kommunane nær på det dobbelte att for sine investeringar pr. innbyggjar i 1993.

Dei viktigste arbeidsområda til FÅO er:

1. Arbeid med sikring og tilrettelegging av friluftsområde
2. Vedlikehaldsarbeid i friluftsområda
3. Plassering av gjestebryggjer
4. Kontakt med medlemskommunane
5. Tilbod om opplæring for barn, unge og familiar gjennom samarbeid med barnehagar, skolar og foreiningar m.v.

Interkommunalt samarbeid gjennom friluftsråda representerer eit stort potensiale m.o.t. samordning og ressurs-utnytting. Friluftsråda representerer ein vesentleg ressurs når det gjeld friluftslivs-fagleg kompetanse.

For Møre og Romsdal kan det vere aktuelt å sjå på høva til å etablere friluftsråd i fleire regionar. Sjå kap. 5.

3.6. Grunneigarar

I førebuinga til arbeidet med handlingsplanen vart det sendt ut spørjeskjema til grunneigarorganisasjonane, for å kartleggje kva for interesser dei hadde i friluftslivs-samanheng. Grunneigarane forvalter store verdier i form av kulturlandskap og utmarksareal.

3.6.1. Møre og Romsdal Bondelag

I samband med friluftslivsaktivitetar arbeider bondelaga med rådgjeving om tilrettelegging, ferdsel, lovsaker, avtalar og næringsutvikling m.v. Dei legg vekt på at friluftsliv for bønder er helsefremjande, at det representerer høve til auka inntekt som næringsveg, men òg at det er viktig å ta vare på dei rettane og interessene som grunneigaren har i høve til friluftsliv og fri ferdsel. Bondelaget legg vidare vekt på at lov om friluftsliv representerer eit problem for grunneigarar, særleg i samband med allemannsretten. Likeeins nemnast bruk av naturvernlova og plan og bygningslova som

dei meiner gir negative reaksjonar hos grunneigarar.

3.6.2. Møre og Romsdal Skogeigarlag

Møre og Romsdal Skogeigarlag legg i sitt arbeid vekt på å leggje forholda til rette slik at det blir minst mogleg konflikhtar mellom skogbruksnæringa og friluftslivet. Dei legg vekt på informasjon for å bøte på eventuelle konflikhtar, og satser på at omsynet til fleirbruk skal innarbeidast i alle skogbruksplanar.


3.6.3. Statskog, Fjellstyrer, andre.

Store areal i Noreg er statsallmenningar som blir forvalta av Statskog, fjellstyre og allmenningstyre. Statsallmenningane er nøkkelområde for allmenta sin tilgang til friluftsliv. For friluftslivsaktivitetar som jakt og fiske, der rettane er sterkt knytte til grunneigarane, er allmenta sitt tilgjenge til statsallmenningar særst viktig. Statskog har òg forvaltingsansvaret for verneområde som ligg på statsgrunn.

Statskog er eit statsføretak med hovudkontor i Namsos og har 14 regionale distriktskontor.

Fjellstyra følgjer kommunegrensene og blir valde av kommunestyret. Dei fleste fjellstyra er tilslutta Norges Fjellstyresamband. Saman står Statskog og fjellstyra for forvaltning av store fjellområde. Det er vanleg at fjellstyra organiserer eigen oppsynsteneste.

Det er små areal i Møre og Romsdal som er statsallmenningar. Fjellstyra forvalter jakt og fiskerettar i følgjande kommunar: Norddal, Nesset, Rauma og Sunndal. Det er i tillegg tilbod om jakt og fiske på annan statsgrunn i mindre område i kommunane Molde, Frei og Tustna.



EL

3.7. Tilbod om opplæring i friluftsliv.

Det er fleire slags tilbod om opplæring i friluftsliv i fylket:

Skoleverket:

Grunnskole

Nye læreplanar i grunnskolen gir betre høve til å drive natur- og friluftslivsoplæring i skolesamanheng. Dette arbeidet blir òg sett på som særskild viktig, og Statens utdanningskontor arbeider spesielt med miljølære i skolen.

Leirskolar

Leirskoletilbodet er no i endring. Det er vanleg å reise til ein leirskole der ein får lære om andre naturtilhøve enn heime. Det tilbodet vi har i fylket er såleis nytta av skolar frå andre landsdelar.

Vidaregåande skolar med valfag friluftsliv.

Tilbodet er først og framst til unge som vil skaffe seg erfaring, dugleik og kunnskap innan friluftsliv. Valfagtilbodet er ikkje på alle skolar.

Folkehøgskolar

Det er seks folkehøgskolar i fylket. Fleire av desse gir tilbod om friluftsliv-utdanning som linje eller valfag, eller i kombinasjon med idrettsfag.

Høgskolen i Volda

(tidl. Volda Lærarhøgskule)

Tilbod til dei som skal bli førskolelærarar og lærarar. Tilbod om friluftsliv i idrettsutdanninga og friluftsliv i særskilde einingar med vekt på både kunnskap, dugleik, erfaring og rettleiarlære. Skolen gjev eit fagleg godt tilbod på landsmålestokk for denne typen utdanning.

Frilvillige organisasjonar og Friluftsrådet.

Dei forskjellige FRIFO-organisasjonane gir tilbod om opplæring i friluftsliv gjennom ordinært lagsarbeid, åpne tema-kvelder m.v. Nokre har òg skoloring av eigne leiurar.

FRIFO sentralt har starta eit eige barneleiarkurs som skal skje regionvis. Møre og Romsdal er med i Region Vest, og det har

vore halde to slike kurs i regionen vår til no. Friluftsrådet har hatt tilbod om friluftsliv i sikra område i to år. Dette prosjektet har hatt mange forskjellige tiltak med vekt på tilbod til barn og unge.

Tiltak for barn og unge, natur og friluftslivsrettledning er omtalte i kap. 5.

Kommersielle tilbod

Fleire stader er det kommersielle tilbod, særleg innan fjellsport. Tilbodet omfattar kurs og guiding på forskjellige stader med fjellturar, tinderangling og fjellklatring. Dei mest etablerte sentra for slike aktivitetar er i Sykkylven, Rauma, Volda og Sunndal. Aak Fjellsportsenter i Rauma driv både opne kurs og utdanning av fjellsportinstruktørar.



3.8. Lovgrunnlaget og informasjon om allemannretten

Lovgrunnlaget

Lov om friluftsliv.

Friluftslivsloven stadfester allemannsretten - allmenta sin rett til fri ferdsel i utmark.

Plan- og bygningslova.

Viktig for arealplanlegginga også med omsyn til friluftslivsinteressene.

Naturvernlova.

Formål å verne natur med spesielle kvaliteter.

Motorferdsellova.

Forbod mot motorferdsel i utmark og på vassdrag.

Andre viktige lovverk er mellom anna viltlova og innlandsfiske-lova.

Endringsforslag til friluftslivslova var sendt på høyring i 1995. Her var det mellom anna formulert eit utkast til målformulering:

"Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmenhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helse- og trivselskapende aktivitet bevares".

Tiltak for informasjon om lovgrunnlaget til friluftslivet, allemannretten og allmenta sin tilgang til jakt og fiske er omtalte i kap. 5.



4.0. Oppsummerande kommentarar

Ein har i kapittel 1 omtalt bakgrunnen, organiseringa, målet og tolkinga av friluftslivomgrepet. Kapittel 2 omtaler friluftsliv i samfunnssamanheng, arealbruk, og negative sider av friluftslivet. Kapittel 3 omfattar informasjon om fylkesmannen, fylkeskommunen og dei stønadsordningane dei rår over. Ei spørjeundersøking til kommunane, frivillige organisasjonar og grunneigarorganisasjonane er grunnlaget for informasjonen om arbeidet deira for friluftsliv.


I kapittel 5 legg fylkesmannen fram forslaga sine til tiltak for friluftsliv i perioden 1996 - 1999.

Kapittel 5.1 gjeld stimulering og motiveringstiltak.

Kapittel 5.2 gjeld planlegging og bruk av areal.

Kapittel 5.3 gjeld friluftsliv i kommunal verksemd og på fylkesnivå.

Fylkesmannen vil leggje vekt på at det er aktørane som må verke saman for friluftslivet sitt beste. Dette inneber at både fylkesmannen, fylkeskommunen og kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta friluftslivsinteressene. Vi må òg samarbeide med frivillige organisasjonar, friluftsråd, grunneigarar og andre partar i dette arbeidet.



"Kan man elske ein tind, så elsker eg denne!", skreiv den berømte alpinisten William Cecil Slingsby om Slogen på slutten av 1800-talet.

5. Handlingsplan med mål og tiltak

5.1. Informasjon, stimulering og motivering for friluftsliv

5.1.1. Barn

Bakgrunn

Barn er av dei viktigaste satsingsområda for friluftsliv som er nemnde i friluftslivsmeldinga. Barna sitt oppvekstmiljø har òg vore fokusert på, og det vart i 1989 utarbeidd rikspolitiske retningslinjer for oppvekstmiljøet til barn og unge i samband med den nye plan- og bygningslova. God tilgjenge til natur i nærmiljø og friluftsliv kan føre til betre oppvekstmiljø for dei yngste. Forsking viser at naturen som leikeplass er ein viktig verdi for barn - og barna ønskjer seg stad og tid for fred og ro.¹ Fleire prosjekt med dette som tema har vore gjennomført, og Direktoratet for naturforvaltning har dette som eige satsingsområde.²

Regjeringa har som målsetting å skaffe full barnehagedekning innan år 2000. Stadig fleire barn er i skolefritidsordninga etter skoletid. Frå 1996 er "miljø" eit av fem tema i rammeplanen for barnehagane. Arbeidet i barnehagane og skolefritidsordningane er likevel ikkje styrt av noko landsomfattande lovverk på same måten som grunnskolen og den vidaregående skolen.³

Fleire stader i Noreg er det gjennomført spesielle tiltak for å fremje friluftsliv for barn og unge. Fylkesmannen i Nordland har i perioden 1992 - 1995 eit prosjekt kalla "Friluftsliv fra barnsben av" med barn under 5 år som målgruppe.⁴ Volda Lærarhøgskole har arbeidd med "Uteleikeplassen" både i form av seminar og dokumentasjon i skriftleg materiale.⁵ Det finst òg ei eiga foreining for dei som arbeider med barna og utemiljøet "I ver og vind", etter ein idé frå ein svensk organisasjon med det same formålet.⁶



¹Bjerke, Tore; 1993: Barn og natur. NINA oppdragsmelding nr. 224.

²DN-notat 1991 - 13 Barn i natur

³Arnfinn Haug; Natur og friluftsliv i barnehagen. Møreforskning/Volda Lærarhøgskole 1993.

⁴Fylkesmannen i Nordland: Rapport 5-92 Friluftsliv fra barnsben av.

⁵Braute, Jorunn Nyhus: 1993 Naturleikeplassen - ein stad for leik og læring. Universitetsforlaget . Landslaget fysisk fostring i skolen 1993: Kroppsøving temanummer 7/8 Leik - Natur.

⁶Mer informasjon hos Berit Koen, Hjellebakkane barnehage, Gamletufta 3, 6100 Volda

Mål:

Medverke til at barn har gode friluftslivstilbud i vårt fylke ved å sikre tilgangen til naturen og opplæring i friluftsliv.

Tiltak:

Medverke til at friluftsliv og miljøundervisning får større plass i barnehagane, grunnskolen og skolefritidsordninga.

Stimulere til utarbeiding og utprøving av friluftslivstiltak i barnehagar og skolefritidsordning.

Medverke til at friluftsliv og miljøundervisning er tema på kurs m.v for barnehage-

skolefritids-, og lærarpersonell.

Aktører:

FMVA


Barnehagekonsulenten

Statens Utdanningskontor

Volda Lærarhøgskole

Frivillige organisasjonar; friluftsråd, Friluftforeninga i Volda, I Ver og Vind

Kommunane



Friluftsliv stimulerer ulike sider av personligheten (Kilde: Eskilsson m fl 1981).

5.1.2. Ungdom

Bakgrunn

Ei landsomfattande undersøking frå 1984 viser at ungdom i alderen 14 - 19 år er interesserte i og driv med friluftsliv.⁷ Nokre av resultatane frå undersøkinga er oppsummerte slik:

- Turtradisjonen lever i beste velgåande.
Over halvparten av all den norske ungdommen er aktive innan fleire greiner av friluftsliv.
 - Den norske ungdommen har framleis ski på beina.
Ingen enkeltaktivitet kan måle seg med skiturar i skog og mark.
 - Til betre tilgang til natur, til meir friluftsliv.
 - Den som ikkje er aktiv, vil gjerne bli det.
- Hovudkonklusjonen i undersøkinga er:
- Natur og rettleiing i bruk av enkelt utstyr kan gje "friluftsliv for alle".

Ungdomen si deltaking i friluftsliv varierer òg med kjønn. Gutar tek meir del i jakt og jenter tek meir del i riding, elles er deltakinga nokolunde jamn.⁸ Ei undersøking om ungdom frå 1992 viser at det i aldersgruppa 13-19 år er relativt få som er medlemmer av friluftslivs-, eller naturvernorganisasjonar.⁹

Jeger og Fiskeforeiningar 5.1 %

Speidar 4.2 %

Miljøorganisasjonar 3,3 %

Ungdom i 90-åra tek i liten grad del i organisert friluftsliv. Undersøkinga frå 1984 har ikkje nokon informasjon om organiserte friluftslivsaktivitetar.

Mange friluftslivsorganisasjonar har ungdomsgrupper slik som jeger- og fiskeforeiningar og turistforeiningar. Andre organisasjonar er spesielt retta mot ungdom, som 4H og speidarane. Her finst det tilbod om opplæring og utstyr.

Tilbod om rettleiing innan friluftsliv for ikkje-organisert ungdom er viktig. Kulturavdelinga i fylkeskommunen har starta kultursommarskole for ungdom i 1994. Dette skal vere eit tilbod for ikkje-organisert ungdom slik at dei får prøve nye aktivitetar. Det er gitt tilbod om friluftsliv. Ungdomen sine oppvekstvilkår er omfatta av dei rikspolitiske retningslinjene (RPR) som er laga i samband med plan- og bygningslova. God tilgang til natur er viktig også for ungdom. Dette krev ein aktiv bruk av RPR.

⁷Telnes, Atle; 1992. Ungdommens deltaking i friluftsliv. Rapport nr. 53. Telemarksforskning, Bø i Telemark.

⁸Aas og Bjerke 1993: Rekruttering og kjønnsroller i friluftsliv - eksempler fra deltakelse i jakt og fiske.

Fra NINA 1993 Temahefte 3: Vårt friluftsliv.

⁹Skogen, Kjetil; 1993. Ungdom, friluftsliv og organisasjoner. Ungforsk rapport 2/93. NAVFs program for Ungdomsforskning i samarbeid med Direktoratet for Naturforvaltning.

Mål:

Medverke til at ungdomar i Møre og Romsdal har gode friluftslivstilbod i fylket vårt ved å sikre tilgangen til naturen og opplæring i friluftsliv.

Tiltak:

Medverke til at ungdom har gode friluftslivstilbod i fylket vårt ved å sikre tilgangen til natur og opplæring i friluftsliv.

Medverke til at "rikspolitiske retningslinjer for barn og unge" blir brukte i planlegginga.

Medverke til at ungdomane har eit tilbod om opplæring i friluftsliv gjennom organisasjonar, og opne tilbod for uorganiserte.

Aktørar:

FMVA

Friluftslivsorganisasjonar

Friluftsråd

Fylkeskommunen, kulturavdelinga

Statens utdanningskontor



5.1.3. Miljøundervisning

Bakgrunn:

Miljøspørsmål har vore obligatoriske i den norske grunnskolen frå 1971,¹⁰ og miljølære var med i M-87, læreplan for grunnskolen og dei nye læreplanane "reform 94" i den vidaregåande skolen. Nye læreplanar vart sende på høyring i 1995.

FN har eit eige program for miljøundervisning, IEEP. I Noreg er det eit eige program for vidare- og etterutdanning i miljølære for lærarar. Alle lærarane skal få miljølærekurs på 40 timar. Staten dekkjer delar av utgiftene, kostnadsberekna til 26 mill i perioden 1994 - 99.¹¹ Det finst òg spesielle miljølæreprosjekt og program for elevar. I Møre og Romsdal har Statens Utdanningskontor satsa på "Kystprogrammet", dei tre andre nasjonale programma er Meis, Vanda og Hovis.¹²

På fylkesnivå opererrr Fylkeskontaktgruppa for miljøundervisning (FKG). Denne gruppa er «et tverretatlig ide-, kontakt og samarbeidforum som skal medvirke til styrking av det tverrfaglige arbeidet med miljøundervisning i forhold til hele opplæringsgangen, f.o.m. barnehage t.o.m. universitet/høyskole, inkludert voksenopplæring.»¹³ Miljøvernavdelinga er representert i FKG.

Miljøvernavdelinga arbeider i 1996 med å utarbeide eit hefte kalla "miljøstatus" som vil vere eit verkty som kan nyttast i miljøundervisninga i skoleverket.

Stimulering til friluftsliv som verkemiddel i miljølæreundervisning.

Målsettinga med miljølære er (m.a.) at den skal fremje ein natur- og miljøvennleg tankegang og haldning hos elevane - dei som arvar jorda vår. Med friluftsliv som metode for dette arbeidet kan ein tenkje seg følgjande resultat:

Elevane får

- erfaringar som sett dei i stand til å leve i naturen gjennom friluftsliv
- kunnskap gjennom miljølære-undervisninga ute i naturen.

Totalt får dei opplevingar som gjer dei glade i naturen.

¹⁰ Astrid Sandås og Faye Benedict; Miljølære og skoleutvikling. Vurdering av norsk miljølærestrategi. KUF november 1993

¹¹ Sandås/Benedict 1993. (KUF)

¹² Statens Utdanningskontor og Fylkesmannen i Nordland v/ miljøvernavdelinga har i 1995 laga

"Handlingsplan for miljølære (FMVA, Nordland; Rapport NR 5:1995) her er det gjort rede for de forskjellige miljølæretiltaka på ein grundig måte.

¹³ Fra "Forslag til mandat" behandlet på miljølæresamling for representanter for bl.a. Statens Utdanningskontor og Miljøvernavdelingene, Roros 5-7-12.93

Mål:

Arbeide for at friluftsliv og miljøundervisning vert styrka i skoleverket.

Tiltak

Arbeide med friluftsliv som ein del av "miljøstatus".

Medverke til at "miljøstatus" vert nytta i aktuelle samanhengar.

Arbeide med registrering og sikring av areal til miljøundervisning og friluftsliv i skolen sitt nærmiljø.

Aktørar:

FMVA

Kommunar

Statens Utdanningskontor

Fylkeskontaktgruppa for miljøundervisning

Skoledirektøren



5.1.4. Natur- og friluftslivsrettleiing

Bakgrunn

A: Friluftsliv - utdanning av rettleiarar og instruktørar

Ein føresetnad for naturopplevingar er at vi kan ferdast trygt i naturen. Nye generasjonar veks no opp utan den nærkontakten til naturen som var vanleg tidlegare. Berre 10% av arbeidsplassane i fylket er i dag knytt til primærnæringane. Opplæring i friluftsliv er eit ledd i det arbeidet vi bør satse på, og det er her mest effektivt å satse på å utdanne gode rettleiarar og instruktørar i friluftsliv.

Møre og Romsdal har i dag to tyngdepunkt for slik utdanning:

Høgskolen i Volda , Volda:

Utdannar lærarar og førskolelærarar med fleire utdanningstilbod i friluftsliv.

Aak Fjellsportsenter i Rauma kommune:

Nasjonalt tyngdepunkt for utdanning av fjellsportinstruktørar i klatring, brevandring fjellskiløyping m.v. Nyttar Norsk Fjellsportforum sin standard.

Ei betre samordning og styrking av arbeidet med friluftslivs-rettleiing i fylket vil gi eit fagleg sterkt miljø for utdanning og rettleiing innan friluftsliv.

B: Naturinformasjonssentra

Det er på nasjonalt plan sett i gang prøveverksemd med naturrettleiing knytta til nasjonalparker og verneområde.¹⁴ Det er òg sett i gang liknande ordningar i sikra friluftsområde og i enkelte område nær tettstader. Arbeidet i perioden 1984 - 1994 er evaluert, og ny satsing er under planlegging. Naturrettleiing i by og område nær tettstader skal òg prioriterast og prøvast ut. Vidare skal det etablerast slike ordningar i 18 område på landsbasis, og det blir laga ein handlingsplan for dette arbeidet innan år 2000.

I prioriteringa av tilskot til og utvikling av naturrettleiingssentra vil DN leggje vekt på:

- Godt besøks-/driftsgrunnlag.
- Lokalisering nær større område der staten har forvaltingsansvar.
- Rimeleg geografisk fordeling på landsbasis innan år 2000.
- Ikkje reint kommersielt.
- Ikkje stride mot verneformål.
- Byggje på lokale/regionale prosjektinitiativ - prioriterast av fylkesmannen.
- Fagleg samarbeid med aktuelle museum.

Møre og Romsdal har natur som er eigenarta og det er attraktive område som vil vere aktuelle for slike sentra. I dag er det ingen slike sentra i fylket vårt. DN har gitt stønad til 110 naturinformasjonsprosjekt i landet. I Møre og Romsdal er det berre Geiranger som i 1992 har fått stønad frå DN til forprosjektering av eit "Fjordsenter". Møre og Romsdal bør vere eit fylke der det fell naturleg å arbeide for oppretting av fleire naturrettleiingssentra.

Ein kan vidare skilje mellom eit "naturinformasjonssenter" og eit "nasjonalparksenter". I samband med verneplanarbeidet i Møre og Romsdal bør ein òg vurdere arbeidet for oppretting av nasjonalparksenter i samband med oppretting av nye nasjonalparker.

¹⁴Sjå DN-notat 1992 - 1. Forsoksprosjekt naturveiledning og Statusoversikten "Naturinformasjonssentre 1984 - 1994". 10-årsrapport fra DN.

Mål:

Møre og Romsdal skal bli eit fylke med gode naturinformasjonstiltak og høg kompetanse på natur- og friluftslivsretteiing.

Tiltak:

Medverke til etablering av naturinformasjons-/nasjonalparksenter i fylket.

Medverke til styrking av tilbodet om utdanning av natur- og friluftslivsretteiarar.

Aktørar:

FMVA, FL

Statens Utdanningskontor


Fylkeskommunen

Frilufstråd

Høgskolen i Volda

Frivillige organisasjonar og andre aktørar

Aktuelle kommunar



5.1.5. Samarbeid med friluftslivsorganisasjonar og friluftsråd

Bakgrunn

Opprettinga av Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO) er ein viktig faktor i styrkinga av arbeidet til friluftslivsorganisasjonane. Ikkje minst i synleggjeringa av tydinga av friluftslivsaktivitetar som medlemsorganisasjonane driv. FRIFO si satsing på friluftslivets år har medverka til fleire fellestiltak mellom friluftslivsorganisasjonane, så som "Friluftslivsuka" kvar haust. Eit anna konkret resultat av dette arbeidet er satsinga på eit FRIFO-fylkesledd. Det finst mange organisasjonar i Møre og Romsdal som driv forskjellige former for friluftsliv¹⁵ Mykje av dette arbeidet er svært positivt, med det er òg døme på konflikhtar mellom friluftslivsaktivitetar og naturvern. Betre kontakt og samarbeid mellom miljøvernavdelinga og friluftslivsorganisasjonane kan vere nøkkelen til å unngå slike konflikhtar. Møre og Romsdal har berre eitt interkommunalt friluftsråd: Friluftsrådet for Ålesund og Omland. Arbeidet i dette friluftsrådet og friluftsråd i andre fylke, viser at det er mykje å hente, spesielt for dei større kommunane i eit slikt interkommunalt samarbeid. Dei mest aktuelle områda er kommunane rundt byane Kristiansund og Molde.

Organisasjonane gjennom FRIFO starta i 1995 opp "vetteprosjektet" - eit tilbod til born og unge med musikk, hefter og bøker som også omfatta rettleiing for leiarar. Dette vart svært populært.

Mål:

Det offentlege på fylkesplanet skal auke samarbeidet sitt med friluftslivsorganisasjonane og interkommunale friluftsråd.

Tiltak:

Medverke til at friluftslivsorganisasjonane kan arbeide for friluftslivstilbod som er i tråd med nasjonale mål.

Gjennomføre kontaktmøte med FRIFO-organisasjonane årleg.

Støtte FRIFO-fylkesleddet sitt arbeid.

Medverke til at interkommunale friluftsråd også har tilbod om stimuleringstiltak for friluftsliv.

Aktørar:

FMVA

Fylkeskommunen

Friluftslivsorganisasjonane

Friluftsrådernes landsforbund / Friluftsrådet for Ålesund og Omland

Kommunane

¹⁵Sjå oversikt i vedlegg samt kapittel 3.

5.1.6. Fiske

Bakgrunn

Friluftslivsmeldinga legg vekt på at fritidsfiske er ein svært utbreidd fritidsaktivitet. Fiske gir spenning, naturoppleving og nyttar fornybare ressursar. Fiske må drivast innafør artane sin bereevne. Forvaltinga arbeider no med betre forhold for innlandsfiske gjennom arbeidet med "innlandsfiskeprogrammet".

Alle fiskarar over 16 år må løyse fisketrygdavgift, men det er fritt fiske i sjøen. Midla frå "fiskefondet" går til fisketiltak i jeger- og fiskeforeiningar, grunneigarlag og elveigarlag.

Mål:

Betre allmenta sin tilgang til fiske.

Tiltak:

Arbeide med betre organisering av fiskekorttilbod.

Medverke til auka informasjon og forenkla regelverk for fiske.


Aktørar:

FMVA

Organisasjonane

Grunneigarar

Andre



5.1.7. Jakt

Bakgrunn

Jakt har rike tradisjonar og er sterkt knytt til norsk kultur. Jakt er viktig både som fritidsaktivitet og matauke.

Det blei i 1982 gitt ei innstilling om folket sitt høve til jakt, og Stortingsmelding nr. 40 om friluftsliv (1986-97) peikar på at allmenta sitt jakttilbod bør bli betre både på statsgrunn og privat grunn.

Jegerundersøkinga i Møre og Romsdal som blei publisert av miljøvernavingdelinga hos fylkesmannen i Møre og Romsdal i 1990, gir eit godt bilete av jegerar og jakt i fylket vårt. Her kom det mellom anna fram at 5 - 30 % av jegerane frå dei forskjellige regionane finn det vanskeleg å få tilfredsstilt sine ønskje for tilgang på dei forskjellige jaktformene.

Direktoratet for naturforvaltning og miljøvernavingdelinga deler kvart år ut midlar frå "viltfondet" til forskjellige tiltak som informasjon, registrering av artar, organisering av utmarkslag, oppsyn og kontroll, opplæring av ettersøkshund, undersøkingar m.o.t. jakt mm.

Ein viktig del av arbeidet med human jakt er å auke tilgangen på godkjent ettersøkshund og bruken av hund på jakt generelt. Bruk av hund på jakt har svake tradisjonar i Møre og Romsdal. Arbeidet med utdanning av ettersøkshund er godt igang.

Det er tilsett ein viltkonsulent i fylkesmannen si miljøvernavingdeling som òg arbeider med saker som gjeld jakt. Miljøvernavingdelinga arbeider no med ei oppdatering av viltregistreringar i naturbasen. Vi vil i denne handlingsplanen ikkje gå inn på viltfaglege spørsmål, men vi tek med nokre arbeidsområde som er viktige for jegerar i Møre og Romsdal.

Mål:

Betre allmenta si tilgang til jakt.

Tiltak:

Medverke til auka tilgang til jakt gjennom arbeidet med organisering av jaktområde.

Medverke til uttak og human jakt.

Aktørar:

FMVA / DN

Grunneigarar og grunneigarorganisasjonar

Kommunane

5.2. Arealforvaltning, planlegging og tilrettelegging for friluftsliv

5.2.1. Sikring av areal for friluftsliv

Bakgrunn

Fylkesmannen har i dag registrert nær 80 sikra område til friluftsmål (sjå kap. 2 om planmessig sikring, kjøp, leige m.v. og temakart i vedlegg). Kwart år kjem det 8 - 12 søknader om statleg støtte til sikring av område til friluftsmål. For regionalt viktige område kan staten gi inntil 100% støtte til kostnadene, medan det for lokalt viktige område vil vere inntil 50 % støtte. Friluftsrådet spelar ei viktig rolle i forvaltninga av nokre av dei sikra områda.

Handlingsprogrammet for friluftsliv for Møre og Romsdal hadde ei prioritering av område som skulle sikrast for friluftsliv fram til 1990/91. Dette programmet er ikkje etterfulgt på grunn av endringar da SKAP- og KAJA-sysselsettingstiltak vart innført. Det er no viktig å få fram ei ny slik prioritering for å få betre styring med korleis statlege middel bør nyttast.

DN har samla viktig informasjon om sikring og forvaltning av sikra område i DN-handbok nr. 4 1994.

I 1995 arrangerte Friluftsrådenes Landsforbund og DN fylkesvis og nasjonal kåring av Årets friluftslivsområde. Denne kåringa var positiv og auka kjennskapen til sikra friluftslivsområde i fylket. Det er aktuelt å ha ei slik kåring igjen om 3 år.

Mål:

Sikre kvalitativ god forvaltning av offentleg sikra friluftslivsområde.

Tiltak:

Kartlegge eksisterande sikra område til friluftsmål m.o.t. brukstype, omfang, kvalitetar og potensiale.

Fremje kvalitativt gode søknader om sikring av nye område i samråd med kommunane.

Arbeide med prioritering av sikring og forvaltning av regionalt viktige område.

Vere med på kåringa av "Årets Friluftslivsområde".

Aktørar:

FMVA /DN

Fylkeskommunen

Kommunane

5.2.2. Grøn Plan

Bakgrunn

Friluftslivsmeldinga oppmodar alle kommunar til å utarbeide ein plan for utvikling av dei grønne områda i og inntil tettstader. Momentet i ein slik plan vil vere samanhengande grønstruktur, markagrensestatus, forvaltingsplan for kulturlandskap og tilmåting av brukarinteresser.

Det er særleg dei tre byane Kristiansund, Molde og Ålesund og større tettstadar (t.d. Ørsta-Volda-området) som bør arbeide med desse problemstillingane. Molde er frå 1996 med i eit prøveprosjekt for "markagrensesetting og forvaltning".

Mål:

Medverke til at det gjennom kommuneplanlegginga blir utarbeidd grøntstrukturplan og forvaltingsplan for alle byar og tettstader.

Tiltak:

Arrangere regionale seminar om planlegging og tilrettelegging for friluftsliv.
Medverke til framdrift og kvalitet i arbeidet med grøntstrukturplan for aktuelle kommunar gjennom rettleiing, tilskotsordningar m.v.

Medverke til å støtte kvalitativt gode tiltak for planlegging og tilrettelegging av friluftslivsområde gjennom tilskotsordningar.

Aktørar:

FMVA
Fylkeskommunen
Aktuelle kommunar

5.2.3. Nærfriluftsliv

Bakgrunn:

Friluftslivsmeldinga tek opp tilrettelegging for friluftsliv i nærmiljø og bystrøk, og det er spesielt viktig å ta vare på naturprega areal i og inntil byar og tettstader. Det er ei målsetting at alle skal ha tilgjenge til friluftslivsareal innan ein km frå bustaden sin. Undersøkinga vår i kommunane tyder på at dette er oppfylt i dei fleste kommunane. I byane Kristiansund, Molde og Ålesund og i dei større tettstadene, kan det vere spesielt nyttig å sjå på kvaliteten på og kva slags tilgjenge det er for desse friluftslivsområda. Det er mogleg å få midlar frå fylkesmannen si miljøvernavdeling og fylkeskommunen ved kulturavdelinga til tilrettelegging, informasjon m.v i slike nærområde. Det er særleg restaurering av område, tilrettelegging for å tåle intensiv bruk og samstundes oppretthalde naturpreg, som er stikkord for slikt arbeid. Slike område kan og ligge i samband med idrettsanlegg/idrettsparkar. Kulturdepartementet si innføring av plankrav fra 1.1.95 er viktig å merke seg. Det er kommunane sitt ansvar å ta vare på areal til nærfriluftsliv. Kommunedelplan for idrett- og friluftsliv er eit verktøy i dette arbeidet. Planmessig sikring eller kjøp av aktuelle areal til friluftsliv er viktig før ein tek til med tilrettelegginga.

Mål:

Medverke til at kommunane planlegg for og tek vare på areal til nærfriluftsliv på en slik måte at det kjem til nytte for allmenta.

Tiltak:

Få fram gode modellområde i byar og tettbygde strøk.
Støtte kvalitativt gode nærmiljøtiltak gjennom tilskotsordningane.
Drive kvalitetssikring gjennom oppfølging av tilskotsordningane.

Aktørar:

FMVA, FL
Fylkeskommunen
Kommunar

5.2.4. Kystfriluftsliv

Bakgrunn:

Undersøkingar om ferie- og fritidsvanane til folk har vist at bading og soling er den utandørsaktiviteten dei fleste likar best. Båtliv er og populært.¹⁶ Møre og Romsdal har gode moglegheiter til vannbasert friluftsliv - og det er eit yrande liv i vatn og vassdrag og ved fjorden på godversdagar. Det er opparbeidd gjesteplassar og gjestehamner mange stader langs kysten vår (sjå temakart i vedlegg).

Tilhøva for dykking er gode, og Hustadvika er spesielt kjent for dykking.

Det er auke i fritidsbåtbruken langs kysten. I tida framover vil det vere viktig å balansere bruk og vern på ein slik måte at område til badeplassar, gjestehamner og friluftslivsbruk blir sikra, og at konflikhtar unngås mest mogleg. For å utreie utfordringane m.o.t. friluftsliv, bruk og vern, er det aktuelt å samarbeide med andre etatar.

Mål:

Sikre gode tilhøve for båtliv, bading og andre vassbaserte friluftslivsaktivitetar.

Tiltak:


Starte "Prosjekt kystfriluftsliv" i samarbeid med fylkeskommunen og utvalde kommunar. Støtte kvalitativt gode tiltak for kystfriluftsliv gjennom tilskotsordningane

Aktørar:

FMVA

Fylkeskommunen

Kommunar



¹⁶Se kapitlet om friluftsliv i innleiinga.

5.2.5. Fjellfriluftsliv og urørte naturområde

Bakgrunn:

Friluftslivet i fjellet har gode moglegheiter i fylket. Vi har store samanhengande fjellområde med viktige naturfaglege kvalitetar, også til glede for friluftslivet. Svært mange driv aktivt med fotturar og skiturar, fjellklatring o.a. Jegerar og fiskarar nyttar og fjellet mykje.

Det er særleg tre turistforeiningar som har rute og hytter i fylket, KNT, MRT og ÅST.

Dette rutenettet nyttast sommar og vinter av mange fjellentusiastar frå fylket vårt, men og av folk frå andre landsdelar og utlandet. Sunnmørsalpane, Romsdalsfjella og Nordmørsfjella er mykje nytta til vårskiløyping på toppar opp mot 2000 m.o.h.

Bruken av fjellet kan føre til konflikhtar med viltinteresser. "Nasjonal sti- og løypeplan", legg vekt på sonering som verktøy for å kanalisere ferdsel og unngå konflikhtar. Vidare er det pålagt oss å opprette eit regionalt forum for arbeidet med stigar og løyper i fjellet.

Kartet over "inngrepsfrie naturområder" viser kor små dei urørte naturområda i fylket vårt er.

Det er planar om oppretting av to nasjonalparkar i fylket: Sunndalsfjella i samband med Dovrefjell nasjonalpark og Reinheimen nasjonalpark. Geiranger/Herdal er og foreslått verna. Oppretting av fleire landskapsvernområde er under førebuing.

Mål:

Ivareta friluftslivsinteressene i fjellet på ein naturvennleg måte.

Tiltak:

Opprette eit regionalt forum for arbeidet med Nasjonal Sti og løypeplan i fylket.
Sikre store, samanhengande naturområde som kan nyttast til fjellfriluftsliv.


Aktørar:

FMVA

Fylkeskommunen

Kommunane

Friluftslivsorganisasjonane



5.2.7. Naturvennleg tilrettelegging for friluftsliv

Bakgrunn:

Det har dei siste fem - ti åra vore ein stor auke i område som er tilrettelagt for friluftsliv gjennom opparbeiding av løyper, stigar m.m. Fylkesmannen gir i dag tilskott til slike formål. Vidare har kulturavdelinga i fylkeskommunen tilskotsordning til slike tilretteleggingstiltak gjennom spelemiddelordninga. Andre driv også tilrettelegging for friluftsliv, til dømes har det i 1990 - 1994 vore opparbeidd 11 såkalte "Folk i Form - løyper" her i fylket. Sysselsettingsordninga SKAP og seinare KAJA har ført til at kommunar har fått arbeidskraft til slik opparbeiding og tilrettelegging. Skogbruksetaten har og medverka til opparbeiding av naturstigar med informasjonskilt.

Kvaliteten på tilretteleggingstiltak er svært varierende. Kunnskapen om kva som er naturvennleg tilrettelegging er svært mangelfull, og ofte blir det nytta tungt teknisk utstyr som fører til store inngrep i naturen. Det har vore vanskeleg å sikre at arbeidet blir utført på ein kvalitativt god måte. Det at fleire etatar er inne i bildet samt at arbeidet utførast i kommunar og dels av frivillige organisasjonar, gjer det vanskelegare å sikre kvaliteten. Det har ikkje vore ordningar som sikrar rettleiing og kvalitetssikring.

Mål:

Arbeide for kvalitativt gode opparbeiding- og tilretteleggingstiltak.

Tiltak:

Arbeide for at tilskotsordningane fremjar naturvennleg tilrettelegging.
Kvalitetssikre tilrettelegginga med rettleiing, oppfølging og kontroll.

Aktørar:

FMVA

Fylkeskommunen

Aktuelle kommunar og organisasjonar



Søppeldunker må tømmes.

5.3. Friluftsliv i kommunal verksemd og på fylkesnivå

5.3.1. Samordning på fylkesnivå

Bakgrunn

I arbeidet med «Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 i Møre og Romsdal» er det kome fram ønskje frå fleire hald om auka informasjon og rettleiing frå fylkesleddet til kommunar og organisasjonar. Ein vil òg leggje vekt på at det på fylkesnivå er nødvendig å styrke samordninga generelt, særleg mellom fylkesmannen og fylkeskommunen.

Det er gjort greie for fleire typar tilskotsordningar som støttar organisasjonar, kommunar og andre ressursar til å drive friluftslivsarbeid. Desse midlane er kanaliserte gjennom forskjellige fylkesledd. Det har frå fleire hald kome fram eit ønskje om samordna informasjon og saksbehandling på dette område. Slik samordna saksbehandling har vore prøvd mellom anna i Nordland fylkeskommune. Miljøvernavdelinga hos fylkesmannen og kulturavdelinga hos fylkeskommunen ønskjer å prøve ein tilsvarande modell for arbeidet med friluftslivstilskot i Møre og Romsdal (sjå modell for samarbeidet i vedlegg).

Som nemnd i innleiinga har ein også samarbeidd om arbeidet med fylkesdelplan for idrett og friluftsliv. Fylkesmannen sin handlingsplan for friluftsliv er såleis sendt på høyring saman med fylkesdelplanen.

Mål:

Betre samordning og samarbeid i fylkesnivå.

Tiltak:

Opprette "Kontaktforum for friluftsliv for Møre og Romsdal" (KFF M&R) på fylkesnivå. Samordne tilskotssøknader for friluftsliv frå fylkesmannen og fylkeskommunen.

Aktørar:

FMVA, FL
Fylkeskommunen



5.3.2.. Friluftsliv i kommunane

Bakgrunn

Friluftsliv i kommunane er omtalt i kap. 3. Dei fleste kommunane i fylket har i 1994-95 vedteke sin kommunedelplan for idrett- og friluftsliv. Dei var pålagt å lage denne planen til 1.1.95 dersom dei ville søkje støtte til område og anlegg for idrett og friluftsliv frå den statlege selemiddelordninga som forvaltast av Kulturdepartementet. I mange kommunar vart arbeidet noko forhasta og kvaliteten på arbeidet som omfatta friluftslivsinteressene var ikkje alltid det beste. Ein vil legge vekt på at det planfaglege handverket for friluftsliv må utbetrast og friluftslivsinteressene må bli teke betre vare på før kommunedelplanen kan bli innarbeidd i kommunane sine arealplanar. Også på aktivitetssida har kommunane eit ansvar. Vi viser til pkt. 5.1. om stimulering og motiveringstiltak.

Mål:

Bidra til at friluftslivsinteressene er teke godt vare på i kommunale planar.

Tiltak:

Gjennom generell saksbehandling ta vare på friluftslivsinteressene.


Arbeide for at "kommunedelplan for idrett og friluftsliv" vert styrkja m.o.t. friluftslivsfaglege interesser i 4-årsperioden for rullering av arealplanane.

Aktørar:

FMVA

Fylkeskommunen

Kommunane



Friluftsliv-
område
på kartet

Vedlegg:

Litteraturliste til vidare lesing

Spørjeskjema til kommunane

Orientering om tilskotsordningane

Oversikt over interkommunale friluftsråd i Noreg

"Vi informerer om friluftsliv" - skriv frå fylkesmannen juli 1994

Modell for samordna saksgang for tilskotsordningar på fylkesnivå

Kartvedlegg

Fylkeskart med friluftslivsområde og tettstadsområde

Fylkeskart med sikra friluftsområde

Fylkeskart med turløyper og turisthytter

Fylkeskart med bårutfartsområde, småbåthamn og fiskeplass

Fylkeskart med o-kartavgrensingar

Litteraturliste til vidare lesing:

Det er dei seinere åra lagt fram fleire politiske og forvaltningsmessige viktige dokument som gjeld friluftslivet:

St.meld.40 (1986-87) Om friluftsliv

St.meld.46 (1988-89) Miljø og utvikling

St.meld.34 (1990-01) Om miljøvern i kommunane

St.meld. 61 (1991-92) Kultur i tiden

St.meld. 62 (1991-92) Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneverdige område i Norge

St.meld. 41 (1991-92) Om Idretten

St.meld. nr. 29 (1992-93) Om nærmiljøpolitikk.


St.Meld. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken.

Rundskriv T 2/92 fra MD Rikspolitiske retningslinjer for barn og ungdoms oppvekstmiljø

Norge har ei lovgivning som sikrar ålmenta fri ferdsel i utmark gjennom **Friluftsløva av 1957**.

Progresjonen innen miljølære kan i grove trekk illustreres ved hjelp av den såkalte måltrappa:

Måltrappa:



LITTERATUR

PLANLEGGING

Direktoratet for naturforvaltning (1990). *Grønnstrukturen i byer og tettsteder. Grønnstrukturen og samordnet areal- og transportplanlegging*. Foreløpig utgave. 32 s.

Direktoratet for Statens skoger (1990). *Friluftslivsplan for Salten forvaltning*. 32 s.

Friluftslivets Fellesorganisasjon, Norges Naturvernforbund, Norges Idrettsforbund og Norges Velforbund (1992). *Håndbok i arealplanlegging for lokallag*. 80 s.

Miljøverndepartementet (1991). *Fra plan til grønn virkelighet, - med reguleringsplanen som verktøy*. 56 s.

Miljøverndepartementet (1991). *Deltakelse og innflytelse. Om medvirking i kommunal planlegging*. 28 s.

Miljøverndepartementet (1991). *Natur i nærmiljø. Et verktøy for medvirking i planlegging av friluftsliv- og aktivitetsområder*. 46 s.

Nordisk Ministerråd (1987). *Nærrekreasjon - friluftsliv og fysisk planlægning i Norden*. Miljørapport 1987:4. 164 s.

Statens naturvårdsverk (1971) *Planering för friluftsliv*. 154 s

FORVALTNING OG TILRETTELEGGING

Barne- og familiedepartementet (1991). *Lekeplassutstyr. Sikkerhetsfakta nr. 9*. Brosjyre.

Barne- og familiedepartementet (1993). *Lov om Produktkontroll - ta barns sikkerhet på alvor*. Brosjyre.

Den Norske Turistforening. *Retningslinjer for merking og tilrettelegging av turruter i fjellet* (under arbeid).

Direktoratet for naturforvaltning (1990). *Håndbok i kalking av surt vann*. DN-håndbok nr 1. 52 s.

Direktoratet for naturforvaltning (kommer 1993). *Veg og strandsoner - en veileder*.

Direktoratet for naturforvaltning (kommer 1993). *Veg og sårbar natur - en veileder*.

Direktoratet for naturforvaltning og Kulturdepartementet (1991). *Stier, løyper og turveger*. 174 s.

Friluftsrådernes Landsforbund (1992). *Tilrettelegging for friluftsliv*. Perm med arbeidstegninger.

Fylkesmannen i Telemark og Fylkesmannen i Buskerud (1993). *Miljøforbedring langs vassdrag i tettbygde strøk*. 47 s.

Fylkesmannen i Troms (1986). *Veileder i planlegging og opparbeiding av friluftsområder*. Rapport nr. 2. 90 s.

Gullik Gulliksen, Landskapsarkitekt, MNLA, og Statens fagteneste for landbruket (1992). *Tomteutstyr for ferdselstiltak*, 50 stk detaljtegninger.

Kommunenes Sentralforbund (1991). *Miljøvern i kommunene. Eksempler på tiltak*. 118 s.

Kulturdepartementet, Idrettsavdelingen og Norges Idrettsforbund (1992). *Nærmiljøanlegg for fysisk aktivitet*. V-0791. 90 s.

Landbruksdepartementet. Skogavdelingen (1991). *Skogsvegbygging med miljøhensyn, en veileder i*. 37 s.

Nordisk ministerråd (1987). *Natur- og kulturlandskapet i arealplanleggingen*. Miljørapport 1987:3. Del I: *Regioninndeling av landskap*. 406 s. Del 2: *Forvaltning av ressurser og verdier*. 188 s. Del 3: *Kulturlandskapet. Natur og kulturarv i fare?* 25 s.

Nordland fylkeskommune, Kultur- og fritidsavdelingen (1992). *Planlegging og tilrettelegging for friluftsliv - en oppsummering av Modellområdeprosjektet*. 28 s.

Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges handikapforbund og Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (1991). *Fiske for alle*. Brosjyre.

Norges handikapforbund (1979). *Alle mennesker vil ut i naturen*. Brosjyre. 16 s.

Norges handikapforbund. *Camping er moro ... for mange flere*. 15 s.

Norges Orienteringsforbund (1985). *Orienteringsidrett og naturmiljø*. 48 s.

Røde, Johs. *Mønsteranlegg / Rasteplasser*. Prosjekt "Tilrettelegging for friluftsliv i Lofoten og Vesterålen". 26 s.

Statens fagtjeneste for landbruket. *Fagoversikt*. Oversikt over SFFLs brosjyrer, publikasjoner og lysbildeserier på kulturlandskap, tilrettelegging m.m.

Statens naturvårdsverk (1978). *Handikapp och friluftsliv. Om tilgjengelighet i friluftsområden*.

Statens naturvårdsverk (1983). *Erfarenheter av vandringsleder i låglandsterreng*. Rapport snv pm 1726. 48 s.

Statens naturvårdsverk (1984). *Naturstigar - en idébok*. Meddelande 1/1984. 112 s.

NATURFORHOLD OG LANDSKAP

Arnesen, T., A.Moen & D.I.Øien (1993). *Sølendet naturreservat. Oversyn over aktiviteten i 1992 og sammendrag for DN-prosjektet "Sølendet"*. Univ. i Trondheim. Vitensk.mus.rapp. Bot.ser. 1933:1. 62 s.

Det norske skogselskap (1988). *Behandling av fjellskog*. Brosjyre.

Direktoratet for naturforvaltning (1988). *Truede virveldyr i Norge*. DN-rapport nr 2-1988. 99s.

Direktoratet for naturforvaltning (1989). *Forvaltning av naturvernområder i Norge*. DN-rapport nr. 7-1989.

Direktoratet for naturforvaltning (1992). *Truede arter i Norge. Norwegian red list*. DN-rapport 1992-6. 96 s.

Direktoratet for naturforvaltning. *Kantvegetasjon. Om vegetasjonen langs vassdrag - økologisk, estetisk og friluftsmessig verdi*. Brosjyre.

Direktoratet for naturforvaltning. *Steinrøys*. Brosjyre.

Direktoratet for naturforvaltning og Norges vassdrags- og energiverk (1990). *Ta vare på verna vassdrag*. Brosjyre.

Fremstad, E. (1987). *Slitasje på vegetasjon og mark i Femundsmarka, Rogen og Långfjället*. Befaringsrapport. Økoforsk utredning 1987:1.

Fylkesmannen i Østfold. *Bekken. Naturens renseanlegg*. Brosjyre.

INFORMASJON, VEILEDNING OG AKTIVITET

Direktoratet for naturforvaltning (1991). *Uteinformasjon i naturvern-, friluftslivs- og kulturminneområder*. DN-håndbok 2. 105 s.

Direktoratet for naturforvaltning (1992). *Forsøksprosjekt naturveiledning*. Årsrapport 1991. DN-notat 1992-1. 98 s.

Friluftslivets Fellesorganisasjon (1992). *Friluftsliv i nærmiljøet, - en håndbok for arrangører*. 99 s.

Miljøverndepartementet (1993). *Friluftsliv - en oversikt over litteratur og annen informasjon.*

Nordisk Ministerråd (1990). *Naturvåglledning i Norden.* NORD 1990:52.

Norges Jeger- og Fiskerforbund (1990). *Fisk med oss. NJFFs sportsfiskeprosjekt. Lære- og aktivitetstilbud for barneskolen.*

Norges Orienteringsforbund (1989). *Orienteringsaktiviteter for barn.* Idéhefte. 34 s.

Norges Speiderforbund. *Speiderboka.*

Statens Kartverk m.fl. (1989). *Kart i skolen. Vi lærer å bruke kart.* 50 s.

FRILUFTSLIVSPOLITIKK OG ØKONOMI

Direktoratet for naturforvaltning (årlig rundskriv). *Tilskudd til Friluftslivsformål, Viltformål, Askjon vannmiljø, Fiskeformål.*

Direktoratet for naturforvaltning (1991). *Friluftsliv mot år 2000. Forslag til handlingsplan.* DN-rapport 1991-3. 37 s.

Geir Grønningsæter (1992). *Økonomiske virkemidler - sammenhengen mellom plan, økonomi og tilskuddsordninger. I: Direktoratet for naturforvaltning. Fra idé til aktivitet.* DN-Notat 1992-6, s. 36-51.

Kulturdepartementet, Idrettsavdelingen (årlig rundskriv). *Forskrifter og bestemmelser om stønad av tippemidlene til anlegg for idrett og friluftsliv.* V-0732.

Miljøverndepartementet (1992). Miljøtema: Friluftsliv. Ny gis eller truet aktivitet. 42 s.

St. meld. nr 40 (1986-87). *Om friluftsliv.*

St. meld. nr 46 (1988-89). *Miljø og utvikling.*

**HANDLINGSPLAN FOR FRILUFTSLIV MOT ÅR 2000
MØRE OG ROMSDAL**

**Del 1. SVARFRIST 10.1.94.
Informasjon om kommunane.**

1. **Kommune:**.....
Kor mange tettstadar har kommunen?.....
(Tettstad definert som min. 200 personar)

2. **Kva etat i kommunen er ansvarleg for arbeidet med friluftsliv?**

3. **Gi ei generell skildring av tilbodet for ulike typar friluftsliv i kommunen.**

4. PLANARBEID I KOMMUNEN:

	Ja	Nei	Er under førebuing
Har kommunen arealdel av kommuneplan?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Har kommunen kystsoneplan?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Har kommunen miljø- og ressursplan?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Korleis er friluftslivet teke hand om i kommuneplanen?

INFORMASJON / HALDNINGSSKAPANDE ARBEID:**5. Kva slag informasjonsmateriell om friluftsliv finst for kommunen?**

(Send gjerne med informasjonsmateriellet)

 Kart :

Turkart / område:.....

Andre kart / område:.....

 Informasjonstavle(r) -stad:..... Brosjyrar (om jakt / fiske, høve til naturbasert turisme osv) Anna:**6. Har det vore arbeid med særskilde grupper for å påvirke dei til å drive meir friluftsliv? Nei** Ja, vi har arbeid med:

(Kven og korleis)

 Allmenta Barn og unge Spesielle grupper Organisasjonar**OMRÅDE / AREAL:****7. Korleis er tilbodet generelt m.o.t. ulike typar område / areal for friluftsliv ?****8. I kommunen er desse områda sikra / tilrettelagt for friluftsliv:**

Område:	Sikra ved kjøp el. planfesting:	Tilrettelagt for:
---------	------------------------------------	-------------------

- A.
- B.
- C.
- D.
- F.
- G.
- H.

9. Korleis er tilbodet m.o.t. ulike

typar område / areal for friluftsliv:	Godt	Middels	Dårleg
---------------------------------------	------	---------	--------

Bustadnære (under 1 km)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
-------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Område for dagsutfart	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
-----------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

10. Kor stor del av innbyggjarane har ikkje grøntområde i km frå bustaden?

.....%

SAMARBEID / KONTAKT

11. Korleis er kontakten mellom kommunen og desse andre aktørane når det gjeld friluftsliv?

	God kontakt	Litt kontakt	Liten kontakt
Andre etatar i vår kommune.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andre kommunar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Barnehagar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Bondelag	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Friluftsrådet for Ålesund og Omegn	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fylkeskommunen, kulturavd.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fylkeskommunen, nærings og miljøavd.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fylkesmannen, landbruksavdelinga	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fylkesmannen, miljøvernavdelinga	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Grunnskolen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Handicaporganisasjonar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Idrettslag	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Jeger og Fiskerforeining	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Landbrukskontor	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Naturvernorganisasjon	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Norsk Ornitologisk Forening	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skogeigarlag	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Turistforeining / Turlag	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Speidarar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Velforeining	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vidaregåande skolar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
4 H	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andre.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

12. Kven av desse aktørane er det viktigast å auke kontakten med for å betre arbeidet med friluftsliv i kommunen?

AKTIVITETAR SOM ER TILGJENGELEGE FOR ALLMENTA:

13. Kor stor del av følgjande er tilgjengeleg i kommunen

.....% av fiskevatna

.....% av laks og aureførande elvar

..% av areal for småviltjakt

14. Kor mange kilometer (om lag) finst det av følgjande:

Turveg / gangveg for barnevogn/rullestolKm.

Smal turvegKm.

Merka turstigKm.

15. Kor mange hytter er tilgjengelege heile eller delar av året? (for allmenta)

Om lag.....stk. er tilgjengeleg berre for dagsturar

Om lag.....stk. er tilgjengeleg også for overnatting

16. Korleis er forholda for småbåteigarar m.o.t.

småbåthamn

gjesteplassar

17. Korleis ser kommunen på "villcamping / bobilcamping"

EIGA VURDERING AV KOMMUNEN M.O.T. SPØRSMÅL OM FRILUFTSLIV:

17 . På kva for område er kommunen komme kort ?

17. SATSINGSOMRÅDE:

Kva vil kommunen satse på i arbeidet for friluftsliv i perioden 1994-1999?

Kva bør organ på fylkesnivå satse på i arbeidet for friluftsliv i denne perioden?

Den / dei som har fylt ut skjema er:

Namn

Stilling

Bruk baksida om du har meir å fortelje.....

**Handlingsplan for friluftsliv mot år 2000
Møre og Romsdal**

DEL 2: SVARFRIST 25.1.1994

Kommunen si prioritering m.o.t. sikring og opparbeiding av friluftsområde i perioden 1994 -1999.

Kommune:

A: Regionale område: ¹

Sikring av regionale område:

Opparbeiding av regionale område:

¹MERK: Regionale område er nå definert som eit område som er av interesse for 2 eller fleir kommunar (m.o.t. friluftsliv m.m.)

B: Lokale område.

Sikring av lokale område:

Opparbeiding av lokale område:

C: Kva for sakshandsaming har prioriteringane hatt i kommunen?

Den \ dei som har fylt ut skjema er:

Namn

Stilling:

De viktigste tilskuddsordningene:

Direktoratet for naturforvaltning disponerer midler til *planlegging, sikring* ^{Stimulering} *og tilrettelegging* av områder for friluftsliv. I 1992 var disse bevilgningene tilsammen ca. 83 mill. kroner. Fra 1992 har DN også økte bevilgninger for tilrettelegging og forbedring av *friluftsfiskemulighetene* og direktoratet koordinerer kampanjen *Aksjon Vannmiljø* som også i stor grad går ut på å tilrettelegge for friluftsliv. Midler til *lokale viltiltak* disponeres også over DN/fylkesmennenes budsjett. Nærmere opplysninger hos fylkesmannens miljøvernavdeling og i årlige DN-rundskriv.

Fylkeskommunene har i ulik grad hatt egne bevilgninger til friluftslivsformål. Tilskuddene fra fylkeskommunene går dels til de *samme formål som de statlige bevilgningene, dels til støtte til friluftslivsorganisasjoner og dels til spesielle aktivitetsfremmende tiltak*. I 1991 hadde 13 fylkeskommuner slike bevilgninger varierende fra 50 000 til 2,6 mill. kroner. Forespørsler rettes til fylkeskommunen.

Tippemidler kan nå bli gitt for å finansiere *opparbeidelse* av turveger, turstier og skiløyper. I 1991 ble det fordelt ca 2,1 mill. kroner til disse formålene. Nærmere opplysninger hos idrettskonsulenten i fylkeskommunen og i årlige rundskriv fra Kulturdepartementet.

Kulturlandskapsmidler kan bli brukt til å *bedre tilgjengeligheten* i jordbruksområder ved etablering av turveger og stier. Her forutsettes det at bonden selv er søker eller samarbeider om søknaden. Nærmere opplysninger hos det lokale landbrukskontor eller fylkeslandbrukskontoret.

Direktoratet for statens skoger har midler for *tilrettelegging* for friluftsliv på statsgrunn. Vanligvis vil det være skogforvaltningene selv som er søkere på disse bevilgningene. Nærmere opplysninger hos den lokale skogforvaltning.

Arbeidsmarkedsetaten administrerer en rekke ordninger med sysselsettingsmidler som vil kunne være aktuelle i forhold til arbeidsintensive oppgaver med *tilrettelegging* i friluftslivsområder. Nærmere opplysninger hos det lokale arbeidskontor eller fylkesarbeidskontoret.

INTERKOMMUNALE FRILUFTSRÅD

STATUSOVERSIKT pr 31.12.94

Friluftsråd Tekst	SF	OOF	OF	ARF	MAF	DF	JF	RF	NR& SHF	BOF	FÅO	TRF	SaF	ORF
Medlemskom	4	16	30	2	4	4	8	12	8	12	8	5	10	8
Innbyggertall (1000)	40	776	1.161	43	92	22	220	208	91	307	71	175	74	35
Fylker	1	5	5	1	1	1	1	1	2	1	1	1	1	2
Medlemsorg	10	35	86	-	-	-	-	14	2	22	-	-	-	-
Fast ansatte	-	3	2	0,2	-	-	4	5,3	3	8,5	1	1	1	1
Omsetning (1000 kr)	757	1.749	2.620	3.420	400	163	4.864	4.278	2.580	3.837	1.370	540	530	390
Kontingent (kr/innb)	-	0,42	1,25	12,00	3,00	5,0	5,8	5,6	8,9	8,75	4,0	2,5	2,03	2,0
Total kont (1000 kr)	212	390	1.124	480	278	109	1.285	1.162	811	2.658	284	438	88	70
Kont/tilsk fylkesk	0	85	435	0	40	0	300	400	424	129	50	0	100	75

Forkortelser

Følgende forkortelser er brukt for de interkommunale friluftsrådene:

SF : Stiftelsen Finnskogen

OOF: Oslo og omland friluftsråd

OF : Oslofjordens friluftsråd

ARF: Arendalsregionens friluftsråd

MAF: Midt-Agder friluftsråd

DF : Dalane friluftsråd

JF : Jæren friluftsråd

RF : Ryfylke friluftsråd

NRSHF: Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd

BOF: Bergen og omland friluftsråd

FÅO: Friluftsrådet for Ålesund og omland

TRF: Trondheimsregionens friluftsråd

SaF: Salten friluftsråd

ORF: Ofotsamvirkets friluftsråd

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Miljøvernavdelinga

Fylkeshuset, 6400 MOLDE.

Oppsummerande kommentarar frå Miljøvernavdelinga:

1. Miljøvernavdelinga ser det som lite teneleg at det utarbeiddast planar berre for anlegg som kvalifiserar for tippemiddelstøtte og / eller anna statlege støtteordningar.
2. Vi ber kommunane leggje vekt på å utarbeide ein plan som viser ei samla oversikt over friluftslivs- og idrettsiltak i kommunen. Ein må se dette i samanheng med miljø- og ressursplan, grøntplan, friluftslivsplan og / eller andre relevante planar.
3. Vi ber kommunane organisere arbeidet på ein slik måte at både idrett og friluftslivsinteressane er godt representerte i planlegginga.
4. Vi ber kommunane syte for at det er god samanheng mellom ein eventuell "kommunedelplan for idrett og friluftsliv" og den gjeldande kommuneplanen og at koplinga til kommuneplanens arealdel er tilfredstillande.

Denne brosjyren er distribuert til alle kommunar og Friluftslivets Fellesorganisasjon sine fylkesorganisasjonar i Møre og Romsdal, samt Friluftsrådet for Ålesund og Omland og Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Tekst: Miljøvernavdelinga / I. Raastad, Juli 1994.

Friluftslivsfagleg prioritering:

Det må være ei kobling mellom plan og økonomi på ein slik måte at kommunen sett opp ei prioritering for:

- Kva for areal som har regional verdi¹ og bør sikrast med statleg fullfinansiering (ervert eller servitutavtale) frå Direktoratet for naturforvaltning si side.
- Kva for område som det bør søkjast Direktoratet om tilskot til tilrettelegging.
- Kva for område som er av lokal verdi² og bør sikrast med statleg tilskot til kommunalt ervert.
- Kva for friluftslivsområde som treng vidare detalplanlegging før tiltaket kan iverksetjast og kor det er aktuelt å søkje Direktoratet om planleggingstilskott.
- Kva for informasjon, - skilting og andre tilretteleggingstiltak ein vil søkje midlar til.
- Kva for turstigar, turvegar og skiløyper det er aktuelt å søkje tippemidlar til å opparbeide, eventuelt samfinansiere med midlar frå Direktoratet.
- Kva for turvegar og turstiar gjennom kulturlandskap / landskapslandskap ein vil søkje finansiert gjennom kulturlandskapsmidlar i samarbeid med grunneigar og landbruksstyresmaktene.

¹Regional verdi: for fleire kommunar ei fylke.
²Lokal verdi: for ein eller to kommunar

Vi informerer om friluftsliv.

Juli 1994

Korleis ta vare på friluftslivsinteressene i kommunen?

Svært mange kommunar er no inne i ein prosess der dei arbeider med kommunal planlegging av anlegg og område for idrett og friluftsliv. Som eit innspel til dette arbeidet har miljøvernavdelinga utarbeidd denne informasjonsfoldaren. Lukke til med arbeidet!

Rettleiar til arbeidet.

Kulturdepartementet / Idrettsavdelinga har gjeve ut ein rettleiar for arbeidet med ein slik kommunal planleggingsprosess: "Kommunal planlegging av anlegg og områder for idrett og friluftsliv." (Universitetsforlaget 1993).

Miljøvernavdelinga nyttar med dette høvet til å komme med nokre tilleggskommentarar med vekt på det friluftslivsfaglege arbeidet.

Nyttig grunnlagsinformasjon i databasar.

Kommunen bør nytte dei databasane som finst på området idrett / friluftsliv. Dette er eit godt grunnlag for arbeidet vidare med kommunedelplanen.

Naturbasen hos miljøvernavdelinga.

Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ein database som kallast "Naturatlas" (tidl. "Frida", "Edna m.v") med opplysningar om tema som friluftsliv, naturvern og vilt.

Tema friluftsliv er under revisjon no, og kommunane får etterkvart tilsendt revidert utskrift for å kontrollere at registreringane er riktige.

Ansvarleg for friluftslivsystema er friluftsliv / naturvernkonsulent ved Miljøvernavdelinga
Kjell Lyse tel. 71 25 84 26

Andre aktuelle område er "tema naturvern" med opplysningar om naturvernområde og "tema vilt", som inneheld opplysningar mellom anna om vilt.

Anleggsregister Idrett / friluftsliv.

Fylkeskommunen si kulturaavdeling har eit register for "anlegg og område for idrett og friluftsliv". Registeret dekkjer heile fylket og kan skrivast ut for kvar kommune. Denne databasen omfattar både idrettsanlegg og nokre typar friluftslivsområde / anlegg.

Fylkeskommunen, kulturaavdelinga,
Fylkeshusa, 6400 Molde.


Fylkesidrettsleiar

Ingolf Mørk tel. 71 25 88 43

Avd. ingeniør

Tore Edøy tel. 71 25 88 44

Miljøvernavdelinga har lagt vekt på å samordne sine registreringar med dei mest relevante frå fylkeskommunen sitt anleggsregister



Karlegging og kartfesting av område nytta til friluftsliv.

I arbeidet med ein sektorplan for idrett og friluftsliv er det viktig at bruken av friluftslivsområda blir registrert og kvart område si utbreiing kartfesta.

Det er svært viktig at det finst sammenhengjande område for friluftsliv til bruk for:

- Friluftsliv i nærmiljø (maks. 3 km. frå bolig)
- Dags- og helgeutferdsområde
- Større sammenhengjande område til ekstensive friluftslivsaktivitetar

Miljøvernnavdelinga sine temakart frå "Naturbasen" vil egne seg godt til slike oversikter.

Vurdering av kvalitet og verdi av friluftslivsområda.

Friluftslivsområda sin kvalitet og verdi bør kartleggast og vurderast utifrå kriterier som:

- Tilkomstløve for forskjellige brukargrupper.
- Dagens bruk av forskjellige brukargrupper (bruksintensitet)
- Opplevelseverdi basert på naturfaglege verdiar, landskapsfaglege verdiar og høve til forskjellige friluftslivsaktivitetar.
- Særeigenheit / spesielle forhold av betydning for friluftslivet.

All tilrettelegging

må være naturvennelg.

Sonering som verktøy.

Sonering bør nyttast som verktøy i planarbeidet. For å kartlegge kva for område som bør sikrast, vernast, eller varsam tilrettelegging, bør ein stille følgjande spørsmål:

- Kva for ubebygde naturareal er framleis urørte og må bevarast og sikrast mot utbygging?
- Kva for nærrområde finst - og er det nødvendig med moderat tilrettelegging for friluftsliv?
- Kva for areal og samanheng mellom areal må bevarast og / eller etablerast for å sikre eit godt grønnstrukturnett som gir gode gang-, og turveggar mellom bolig og turområde, vassdrag og sjøen.
- Kva for strand og vassdragsareal bør sikrast? Skal alt være urørt eller kan noko tilretteleggast i moderat grad for friluftsliv?

Kva for område skal ikkje tilretteleggast for friluftsliv?

Tilrettelegginga bør være av forskjellig grad i dei ymse områda. Ved å leggje vekt på at områda kan ha forskjellig bruksintensitet og bruksformål, kan ein tilgodesjå forskjellige brukargrupper.

Mange friluftslivsutøvarar liker best urørt natur!

Sikring av område før tilrettelegging.

Viss det er aktuelt å tilrettelegge spesielle område, er det viktig å prioritere område som er sikra på ein vang måte gjennom erverv eller servituttavtale.

Brukarkonflikter.

Ikkje alle former for idrett og friluftsliv går godt i lag. Legg og vekt på å unngå konflikt mellom forskjellige brukargrupper. Forholdet til grunneigarar er svært viktig å ha orden på.

Det er utarbeidd avtaleformular og retningslinje for ferdsel til dømes for organisert ridning og orientering.

Døme på brukarkonflikt:

Riding og terrengsykling kan være konfliktfylt på stiar med mange gåande. Riding og terrengsykling gir og auka slitasje på terrenget.

Skiløyper dimensjonert for langrennskonkurransar der løparar kjem i stor fart, er eit dårleg alternativ for småbarnsfamiliar på søndagsskituren i rusletempo.

Stimulering og motivering til friluftsliv.

Arbeidet med friluftsliv i kommunane bør og leggje vekt på at gode høve til å drive friluftsliv gir:

- betre oppvekstmiljø for barn og unge
- betre forståing og identifisering med verdifulle kvalitetar i naturen
- auka helse og trivsel for alle

Kommunane må derfor leggje vekt på å fremje friluftslivsaktivitetar og holdningsskapande arbeid gjennom barnehage, skule, organisasjonar og andre tilbod om friluftsliv.

Ta vare på "100-meterskogen"

Alternativ til tilrettelegging.

Utarbeiding av turkart og informasjonsmaterieill er tiltak som kan være alternativ til direkte inngrep som merking og / eller bygging av turveger vil være.

Korleis engasjere friluftslivsorganisasjonar?

Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO), Norges Velforbund, Norges Idrettsforbund og Norges Naturvernforbund har sammen laga ei handbok for idrett-, og friluftslivs - organisasjonar. Målsettinga er å leggje grunnlag for samarbeid mellom organisasjonar i ein kommune for å ta vare på felles interesser i arealplanlegginga. "Handbok i arealplanlegging for lokallag" Utgitt 1992.

Tinging hos FRIFO, tlf. 66900146.

Retningslinjer for arbeidet.

I arbeidet med delplanen er det viktig å følge dei råd og retningslinjer som er utarbeidd i Kulturdepartementet sin rettleiar. I tillegg vil vi anbefale:

- Kulturdepartementet Idrettsavdelingen / Direktoratet for naturforvaltning: Stier, løyper og turveier. Handbok i planlegging, sikring, opparbeiding og drift. Universitetsforlaget 1991.
- Direktoratet for naturforvaltning: Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv. DN-handbok nr. 3. 1993.
- Direktoratet for naturforvaltning: Uteinformasjon i naturvern-, friluftsliv og kulturminneområder. Handbok nr. 2. 1991
- Den Norske Turistforening: Merkeinstruks. Retningslinjer for tilrettelegging og merking av turnuer i fjellet. DNT 1993.


MODELL FOR SAMORDNING AV SØKNADER
 FRA NORDLAND - 1994.

Informasjon - utlysning

Søknader

Samarbeiding

Fordeling



August - september

Sept. - jan.

Jan. - Mars

Mars - April

KARTVEDLEGG

Dei 5 kartvedlegga som følgjer på dei neste sidene viser registrerte område av særskildt verdi for friluftslivet i fylket. Dei inngår i naturatlasserien frå fylkesmannen som også inneheld ein naturvern og ein vilt del. Karta er laga på grunnlag av eit EDB-basert friluftslivsregister (naturbasen) med digitaliserte grenser (digitaliseringsgrunnlag 1: 50 000). Friluftslivsdelen av registeret, som inneheld omlag 1400 einskildregistreringar, har nærmare opplysningar om kvart område.

Register- og kartopplysningane bygger på eit samarbeid mellom kommunane og fylkesmannen ved miljøvernavdelinga. Det må i imidlertid merkast at nokre kommunar har lagt fram eit stort tal friluftslivsopplysningar, medan andre har kome med færre innspel. Denne forskjellen kjem i særleg grad fram av karta som viser sportsfiskeplassar og regionalt/lokalt turløypenett. Det må òg merkast at fylkeskartet med friluftslivsområde/tettstadsområde i denne handlingsplanen kun har med dei arealmessig sett største områda.

Til teiknforklaringane vil vi merke:

Eit lokalt friluftslivsområde inneber at brukarane hovudsakleg kjem frå den kommunen området ligg i eller frå ein nabokommune som naturleg soknar til området.

Eit regionalt friluftslivsområde inneber at brukarane kjem frå fleire kommunar eller fylke.

Eit nasjonalt friluftslivsområde inneber at området på nasjonalt nivå har ein heilt spesiell status som utfartsområde, utsiktspunkt e.l. Slike område er gjerne interessante også i reiselivssamanheng.

Det nasjonale turløypenettet er nærmare skildra i den Norske Turistforening si turhandbok. Registreringa er elles i hovudsak i samsvar med kartdelen i framlegget til Norsk Sti og løypeplan.

Båtutfartsområda er i hovudsak av regional karakter. Det gjeld både utfartsområde på sjøen og tilgrensande strandstrekningar, øyar og holmar samt nokre viktige område for fritidsfiske frå båt.

Gjesteplassane i dei viste småbåthamnene kan vere offentlege eller private.

Turløypekartet viser både turistforeiningane sine hytter og nokre få andre overnattingsstader i og nær det nasjonale turløypenettet.

Friluftsområde med statleg sikring inneber at staten har vore med på kjøp av området, tilskott gjennom leigeavtale eller ved servituttavtale/klausulering.


Fylkeskart med friluftslivsområde og tettstadsområde.

- Friluftslivsområde av nasjonal verdi
- Friluftslivsområde av regional verdi
- Friluftslivsområde av lokal verdi
- Mykje brukt båtutfartsområde
- Tettstadsområde




Laga for Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga 1995

Tillateisesnr: LDU5 1003-0220



Fylkeskart med sikra friluftlivsområde.


 Friluftlivsområde med statleg sikring.



Laga for Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga 1995

Tillatelsesnr.: LDU5 1003-0220

STATENS KARTVERK
MØRE OG ROMSDAL



Fylkeskart med turløyper og turishytter.

- Nasjonal viktig turløype
- Regional/lokale viktig turløype
- Turishytte/innkvartering

Laga for Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga 1995

Tillatelsesnr: LDU5 1003-0220



STATENS KARTVERK
MØRE OG ROMSDAL



Fylkeskart med båtutfartsområde, småbåthamn og fiskeplass

- Mykje brukt båtutfartsområde
- Småbåthamn (gjesteplassar)
- Fiskeplass

Laga for Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernvedlinga 1995

Tillatelsesnr: LDU5 1003-0220



STATENS MARITIMTJENESTE
MØRE OG ROMSDAL



Fylkeskart med O-kartavgrensingar.

 Orienteringskartområde

Laga for Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernnavdelinga 1995

Tillatelsesnr: LDU5 1003-0220



STATENS KARTVERK
MØRE OG ROMSDAL



